



RETTSBOK

- Domstol:** Øvre Telemark jordskifterett
Møtedag: 15.06.2017
- Stad:** Jordskifterettens kontor i Statens hus i Kviteseid
- Sak nr.:** 0820-2008-0017 Veg Botnedalen
- Saka gjeld:** Krav om sak etter jordskiftelova § 2 c
- Jordskiftedommar:** Gunnar Bjerke Osen, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd
- Ingeniør:** Overingeniør Rikard Berge
- Saka er kravd av:** Tallak Svendsen
- Til handsaming:** Vedtak for bruksordning av veg
Avslutting av saka
- Partar:**
1. Statkraft Energi AS, Ved Hallgeir Kleiv, Region Øst-Norge, 3880 DALEN
 2. Eigar av gnr. 117/16, Nils Bjørn Vistad, Palerudbyen 72, 3516 HØNEFOSS
 3. Eigar av gnr. 117/17, Per Knut Vistad, Songsveien 34, 0851 OSLO
 4. Eigar av gnr. 107/8, Ragnar Olsen, Stubbesletta 3, 3746 SKIEN
 5. Eigar av gnr. 105/25, Odd-Arne Reiersen, Alvernkroken 5, 1453 BJØRNEMYR
 6. Eigar av gnr. 118/12, Frank Jakobsen, Glomfossvegen 285, 3870 FYRESDAL
 7. Eigar av gnr. 86/2, Åsmund Høydal, Mo-Byrtevegen 1458, 3880 DALEN
Eigar av gnr. 86/2, Anne Lia, c/o Ingrid Lia, Hørtevegen 144, 3810 GVARV
Eigar av gnr. 86/2, Ånund Drotning Nevestveit, 3890 VINJE
Eigar av gnr. 86/2, Mariann Romtveit, Mo-Byrtevegen 681, 3880 DALEN
 8. Eigar av gnr. 85/2, Ove Geir Nevestveit, Surgravvegen 35, 3890 VINJE
 9. Eigar av gnr. 113/10, Jostein S. Skolås og Morten S. Skolås, Kyrkjevegen 68, 3890 VINJE
 10. Eigar av gnr. 89/1, Ingrid Grøstad Johnson, Mo-Byrtevegen

- 760, 3880 DALEN
Eigar av gnr. 89/1, Gunnar Grøstad Johnson, Mo-Byrtevegen
760, 3880 DALEN
11. Eigar av gnr. 89/10, Tarjei Tjønn, Dalsvegen 369, 3890 VINJE
12. Eigar av gnr. 89/12, Audun Hauglid, Kviteseidvegen 277,
3850 KVITeseID
13. Eigar av gnr. 89/16, Knut Olav Tiller, Engene 16, 3320
VESTFOSSen
14. Eigar av gnr. 99/3, Olav Mostøyl, Modalen 95, 3880 DALEN
15. Eigar av gnr. 102/4, Såvi Midjås, Midjåsvegen 341, 3880
DALEN
16. Eigar av gnr. 102/6, Birte Midjås, Hakkespetten 9, 1407
VINTERBRO
17. Eigar av gnr. 104/2, 104/3, E. C. Martens'bo, v/Advokatene
Skien DA, Ranveig Sem, Cappelens gate 6A, 3717 SKIEN
18. Eigar av gnr. 104/4, 104/10, Jostein Dalen, Midjåsvegen 298,
3880 DALEN
19. Eigar av gnr. 104/5, Oddvar Seltveit, Modalen 811, 3880
DALEN
20. Eigar av gnr. 104/6, Torhild Johanne Rykkelid Vist, Bugården
Syd 27, 3133 DUKEN
21. Eigar av gnr. 104/7, Wenche Seltveit, Grivibakken 11 B, 3802
BØ I TELEMARk
Eigar av gnr. 104/7, Arne Olav Kåsene, Grivibakken 11 B,
3802 BØ I TELEMARk
22. Eigar av gnr. 104/9, Kurt Ole Vasvik, Haugesagvegen 30,
3802 BØ I TELEMARk
23. Eigar av gnr. 105/1, 105/2, Knut Rønningen, Frolandsvegen
612 A, 3880 DALEN
24. Eigar av gnr. 105/3, Ingunn Berg Bøydler, Moengata 28, 3825
LUNDE
Eigar av gnr. 105/3, Vigdis Berg Nordgarden,
Kamperhauggata 1, 3715 SKIEN
25. Eigar av gnr. 105/5, Tore Kvaalen, Hovseterveien 84, 0768
OSLO
26. Eigar av gnr. 105/7, Ingunn Slettetveit ved Tallak Svendsen,
3880 DALEN
27. Eigar av gnr. 105/8, Knut Draugedal, Rjukanvegen 207, 3864
RAULAND
28. Eigar av gnr. 105/9, Olaug Dølo Anfinhaug, ved Ole Christian
Gaski, Ragnhilds vei 3, 3151 TOLVSRØD
Eigar av gnr. 105/9, Jørgen Torjus Gaski, Tinnstien 3, 3124
TØNSBERG
Eigar av gnr. 105/9, Ruben William Gaski, Gongstø 4, 4163
TALGJE
Eigar av gnr. 105/9, Rigmor Elisabeth Gaski Brevik, Gyda
Dahlsvei 18, 9800 VADSØ
Eigar av gnr. 105/9, Morten Dølo-gaski, Globusveien 10, 3113
TØNSBERG
Eigar av gnr. 105/9, Ole Christian Gaski, Ragnhilds Vei 3,

3151 TOLVSRØD

29. Eigar av gnr. 105/10, 105/11, 107/1, 110/3, Birgit B. Lidtveit, Setesdalsvegen 4262, 4755 HOVDEN I SETESDAL
30. Eigar av gnr. 105/10, 105/11, 110/1:1, 110/3, Aanund Fellands dødsbo c/o Adv. Olav Felland, 3880 DALEN
Eigar av gnr. 105/10, 105/11, 110/3, Martin Nordjore, død
31. Eigar av gnr. 105/13, Aase Oterholt, Åshammeren 73, 3721 SKIEN
32. Eigar av gnr. 105/14, Lars Høydal, Vesåsvegen 44, 3890 VINJE
Eigar av gnr. 105/14, Liv Grethe Høydal, Vesåsvegen 44, 3890 VINJE
33. Eigar av gnr. 105/16, Olav Øverland, Hakesflotvegen 17, 3880 DALEN
34. Eigar av gnr. 105/18, Tora Ødegaarden, Konvallvegen 18, 3684 NOTODDEN
35. Eigar av gnr. 105/19, Einar Slettetveit, Dalsvegen 231, 3890 VINJE
36. Eigar av gnr. 105/20, Tore Oterholt, Vinjevegen 1602, 3890 VINJE
37. Eigar av gnr. 105/26, Hilde Synnøve Kise, Tyrisvingen 33, 3744 SKIEN
38. Eigar av gnr. 105/27, Tor Halvdan Slettetveit, Valaskjoldgata 8 A, 1725 SARPSBORG
39. Eigar av gnr. 105/28, Eli Ragnhild Haraldsen, Klevaveien 4 A, 1719 GREÅKER
40. Eigar av gnr. 105/30, Lars Anders Hus, Fluesnappern 18 D, 3743 SKIEN
41. Eigar av gnr. 105/31, Klara Astrid Rønniksen, Kristian Brenners Vei 56 C, 3026 DRAMMEN
42. Eigar av gnr. 105/32, Eivind Eidissen, Krabberødveien 24, 3960 STATHELLE
Eigar av gnr. 105/32, Lars Andre Eidissen, Sauheradvegen 1552, 3683 NOTODDEN
43. Eigar av gnr. 105/39, Arild Husaas Bentsen, Dalanvegen 206, 3850 KVITSEID
Eigar av gnr. 105/39, Ellen Bentsen, Dalanvegen 206, 3850 KVITSEID
44. Eigar av gnr. 105/44, Tarjei Andreas Draugedal, Dalanvegen 55 A, 3850 KVITSEID
45. Eigar av gnr. 105/50, Torgeir Nilsen, Rønholtveien 133, 3960 STATHELLE
46. Eigar av gnr. 105/52, Bernt Arvid Stene Nordal, Skarestrand 28, 4812 KONGSHAVN
47. Eigar av gnr. 105/53, Byggmesterfirma Bjaaland og Sa, Nedre Søliveg 42, 3914 PORSGRUNN
48. Eigar av gnr. 106/2, Anne Gyrid Reindal, Fiolveien 1, 3060 SVELVIK
Eigar av gnr. 106/2, Rune Eriksen Reindal, Fiolveien 1, 3060 SVELVIK

49. Eigar av gnr. 106/4, 108/2, 108/3, 108/5, Fred Einar Rosland, Århusvegen 57 A, 3723 SKIEN
Eigar av gnr. 106/4, 108/2, 108/3, 108/5, 108/11, Svein Arne Rosland, Høyanfjellet 7, 3728 SKIEN
Eigar av gnr. 106/4, 108/2, 108/3, 108/5, Jan Tore Rosland, Viggo Ullmannsgate 16, 3714 SKIEN
50. Eigar av gnr. 107/2, Harald Olav Kostveit, Gamlegrensa 4B, 3747 SKIEN
51. Eigar av gnr. 107/8, Runar Stamland, Tømmerlensa 10, 3726 SKIEN
52. Eigar av gnr. 108/2, 108/3, 108/5, Jørn Bakken, Sildråpevegen 15 A, 7048 TRONDHEIM
Eigar av gnr. 108/2, 108/3, 108/5, Einar Bakken, Engelykkja 6, 2910 AURDAL
53. Eigar av gnr. 108/3, 108/5, 108/7, Silje Strømsli, Slåttebakkane 4, 6814 FØRDE
Eigar av gnr. 108/3, 108/5, 108/7, Jan Erik Hilding, Slåttebakkane 4, 6814 FØRDE
54. Eigar av gnr. 108/12 Tordis Helene strømsli, Slåttebakkane 4, 6814 FØRDE
55. Festar av gnr. 108/5:1, Ragnhild Wenås, Regimentvegen 15, 3734 SKIEN
Festar av gnr. 108/5:1, Lyder Einar Wenås, Regimentvegen 15, 3734 SKIEN
56. Festar av gnr. 108/5:2, Dag Wilhelm Holmer, Stathelleveien 252, 3960 STATHELLE
57. Festar av gnr. 108/5:4, Anders Wulfsberg, Grindbakken 70, 0764 OSLO
58. Aktuell festar av gnr. 108/5:901, Kåre Sigmund Langedal's bo, v/Marianne Langedal, Kristoffer Updalsvei 8, 7071 Trondheim
59. Eigar av gnr. 108/12, Tordis Helene Strømsli, Slåttebakkane 4, 6814 FØRDE
60. Eigar av gnr. 109/1, Dordi Elise Flom, Reindalsvegen 16, 3880 DALEN
61. Eigar av gnr. 109/2, Talleif Kvaalen, død
62. Eigar av gnr. 110/1, 110/1:1, 110/2, Torgeir Jørgen Haugen, Heisshageveien 36, 2015 LEIRSUND
63. Eigar av gnr. 110/1:1, Asbjørg S. Baldersheim, Devoll, 6300 ÅNDALSNES
Eigar av gnr. 110/1:1, Gunvor Felland, 4930-5th Ave TSAWWASSEN Vandouver, B.C. V4MIJ6, Canada
Eigar av gnr. 110/1:1, Sigrid Felland, 239 Balmoral Place Port Moody, B.C. V3H4B9, Canada
Eigar av gnr. 110/1:1, Geirmund Skaalen's bo v/Signe Skaalen, 3880 DALEN
64. Eigar av gnr. 110/6, Geir Frode Henseid, Austadveien 543, 3748 SILJAN
65. Eigar av gnr. 112/1, 119/1, Magne Underdal, Modalen 498, 3880 DALEN
66. Festar av gnr. 112/5, 112/6, Berit Irene Underdal, Raunveien

5, 4371 EGERSUND

67. Eigar av gnr. 112/7, 112/9 Olav Bjørgull Underdal, Sellerupvei 20 4681 Herfølge, Danmark
68. Eigar av gnr. 113/2, 113/3, 113/5, 113/6, Gunnar Blomhaug, Frolandsvegen 147, 3880 DALEN
69. Eigar av gnr. 113/8, Bjørnar Vågslid, Gullkopp 11, 3880 DALEN
70. Eigar av gnr. 114/7, Ingrid O. Langås, ved Ole Kr. Langås, Sverresgt. 11, 3211 SANDEFJORD
Eigar av gnr. 114/7, Kjell O. Skavdal, Rekkevik brygge 14, 3260 LARVIK
71. Eigar av gnr. 114/10, Odd Utistog, Mo-Byrtevegen 1953, 3880 DALEN
72. Eigar av gnr. 114/13, Per Tore Skaalen, Gullkopp 23, 3880 DALEN
73. Eigar av gnr. 114/18, Einar Hovden, Midjåsvegen 144, 3880 DALEN
74. Eigar av gnr. 114/19, 117/9, Kjersti Felland, Gransherad 77, 3880 DALEN
75. Eigar av gnr. 114/28, Wenche Aurdal, Stubbesletta 50, 3746 SKIEN
76. Eigar av gnr. 114/30, Otto Kertelhein, Haupstrasse 35 22929 Rausdorf, Tyskland
77. Eigar av gnr. 114/31, Bjørn Thore Kvålseth, Ordalsvegen 500 D, 3850 KVITeseid
78. Eigar av gnr. 115/1, Knut Lofthus, Modalen 480, 3880 DALEN
79. Eigar av gnr. 115/5, Vidar Lofthus, Holun 8, 3840 SELJORD
80. Eigar av gnr. 115/6, Bjørn Kjetil Getz Wold, Gaustadveien 65, 0372 OSLO
81. Eigar av gnr. 115/7, Tor Olav Rykkelid, Modalen 875 A, 3880 DALEN
82. Eigar av gnr. 115/8, Une Brita Skoe, Bestemorstien 1, 1177 OSLO
Eigar av gnr. 115/8, Anne Gyrid Skoe, Bernt Knudsensvei 18, 1176 OSLO
83. Eigar av gnr. 115/9, Wenche Seltveit Skolås, Kyrkjevegen 68, 3890 VINJE
Eigar av gnr. 115/9, Lars Tore Seltveit, Kyrkjevegen 68, 3890 VINJE
84. Eigar av gnr. 115/10, Inge Vetle Mostøyl, Storvegen 216, 3880 DALEN
85. Eigar av gnr. 115/11, Torbjørn Skogheim, Mo-byrtevegen 1492C, 3880 DALEN
86. Eigar av gnr. 115/12, Rune Røraas Hansen, Bergsbygdavegen 462, 3949 PORSGRUNN
87. Eigar av gnr. 116/3, Dag T. Nordskog, Vistadmoen 11, 3880 DALEN
88. Eigar av gnr. 116/5, 117/5, Ove Kjell Huvestad, Talleiv Huvestadsveg 119 B, 3880 DALEN

89. Eigar av gnr. 116/8, Helge Bøe, Hegnavegen 26, 3748
SILJAN
90. Eigar av gnr. 116/12, Eva Ljostad Vistad, Dalsvegen 1133,
3890 VINJE
91. Eigar av gnr. 116/13, Ingebjørg Synnøve Askim, Lyngvegen
100, 3930 PORSGRUNN
92. Eigar av gnr. 116/14, Tore Audun Haugo, Treungvegen
81 D, 3880 DALEN
Eigar av gnr. 116/14, Anne Haugo, Treungvegen 81 D,
3880 DALEN
93. Eigar av gnr. 116/15, Unni Larssen, Borgemarka 21, 3711
SKIEN
94. Eigar av gnr. 116/17, Janne Sogn, Myllevegen 11, 3880
DALEN
95. Eigar av gnr. 116/18, Jan Wegard Lie, Borsævegen 78A, 3880
DALEN
96. Eigar av gnr. 116/19, Anne Helen Jupskås, Kvålsgrend 211,
3891 HØYDALSMO
97. Eigar av gnr. 117/1, Eldar Vistad, Holmenkollvn. 76 D, 0784
OSLO
98. Eigar av gnr. 117/6, Margit R. Felland Krogh, Frolandsvegen
126, 3880 DALEN
99. Eigar av gnr. 117/8, Else Lofthus, Brynesteinvegen 39, 3891
HØYDALSMO
100. Eigar av gnr. 117/18, Gunnar Reindal Øverland,
Reindalsvegen 148, 3880 DALEN
101. Eigar av gnr. 118/1, Anne Aalandslid Slettetveit, 3880
DALEN
102. Eigar av gnr. 118/2, 118/2:901, Aud Thoresen Røed,
Linddalsveien 47, 4950 RISØR
103. Aktuell festar av gnr. 118/2:901, John Gunnar
Thoresen, Fiskestigen 28, 3890 VINJE
104. Eigar av gnr. 118/3, Bjørn Haugen, Heronias 4 13231
Petropouly, Hellas
105. Eigar av gnr. 118/4, Arne Røimål, Sveene 11, 3731
SKIEN
106. Eigar av gnr. 118/5, Gunnar Juvet, Tollbugata 13, 0152
OSLO
Eigar av gnr. 118/5, Ingeborg Juvet, Århusvingen 15, 3723
SKIEN
107. Eigar av gnr. 118/6, Olav T. Aase, Mo-byrtevegen 409,
3880 DALEN
108. Eigar av gnr. 118/7, Ingeborg Hauglid, Ordalsvegen
467, 3850 KVITSEID
109. Eigar av gnr. 118/8, Arne Nordbø, Treungvegen 61,
3880 DALEN
110. Eigar av umatrikulert tomt, Marita Agnete Reindal
Frogner, Fiolveien 1, 3060 SVELVIK
111. Eigar av umatrikulert tomt, Gyrid Beate Reindal
Lippert, Storgata 103, 3060 SVELVIK

112.
113. Eigar av gnr. 118/9, Per Ivar Magnushommen,
Dalanvegen 1403, 3850 KVITSEID
Eigar av gnr. 118/9, Margit Magnushommen
Råmunddal, Dalanvegen 1403, 3850 KVITSEID
114. Eigar av gnr. 118/10, Olav Godtland, Gullkopp 33,
3880 DALEN
115. Eigar av gnr. 118/11, Kjell Nordbø, Treungvegen 101
B, 3880 DALEN
Eigar av gnr. 118/11, Ingrid Ringhus Nordbø,
Treungvegen 101 B, 3880 DALEN
116. Eigar av gnr. 118/13, Åse Ann Kristin Wiik Slåtta,
Skogen 13, 3890 VINJE
117. Eigar av gnr. 118/15, Olav Moen, Gullnesvegen 50,
3840 SELJORD
118. Eigar av gnr. 118/12, 118/14, Frank Jakobsen,
Glomfossveien 285, 3870 FYRES DAL
-

Prosessfullmektig:

Adv. Bjørn Trygve Nilsen, Olavsgate 7, 3256 Larvik
Representerer Statkraft Energi AS

Eigedomane ligg i Tokke kommune

I medhald av jskl. § 22 andre ledd vert saka avslutta utan at partane er kalla inn til rettsmøtet.

Jordskiftedommaren kunne ikkje sjå at det skulle ha kome til noko som skulle gjere han ugild, jf. dstl. §§ 106-108.

Framlagde dokument:

97. fullmakt frå Byggmesterfirma Bjaaland og Sanden AS, datert 13.01.2017
98. framlegg til vedtak for bruksordning, datert 03.04.2017
99. merknad frå Ole Kristian Langås, datert 01.05.2017
100. merknad frå Magne Underdal, Anne Aalandli Slettetveit, Gunnar Blomhaug,
Ingunn Slettetveit, Oddvar Seltveit, Knut Rønningen, Dordi Elise Flom, Knut Lofthus,
Olav Mostøyl, Såvi Midjås, Margit Felland Krogh, datert 25.04.2017
101. merknad frå Mariann Romtveit, datert 29.04.2017
102. merknad frå Statkraft v/adv. Nilsen, datert 27.04.2017
103. merknad frå Birte Midjås, datert 30.04.2017
104. merknad frå Eldar Vistad, datert 28.04.2017
105. merknad frå Olav Godtland, Per Tore Skaalen, Tore Felland Storhaug, datert
28.04.2017
106. merknad frå Anne Gyrid Skoe, Une Brita Skoe, datert 26.04.2017
107. merknad frå Tarjei Draugedal, datert 09.04.2017
108. merknad frå Svein Arne Rosland, datert 28.04.2017
109. merknad frå Einar Bakken, datert 30.04.2017
110. merknad frå Per Tore Skaalen, datert 28.04.2017
111. merknad frå Aase Slåtta, datert 01.05.2017
112. merknad frå Ruben Gaski, datert 01.05.2017

113. merknad frå Bjørgulv Underdal, datert 25.04.2017
114. merknad frå Olav Felland, datert 06.04.2017
115. merknad frå Kjersti Felland, datert 07.04.2017
116. merknad frå Mariann Langedal, datert 01.05.2017
117. merknad frå Birgit Lidtveit, datert 30.04.2017
118. følgjebrev ved utsending av innkomne merknader, datert 10.05.2017
119. brev frå Anne Aalandsli Slettetveit vedk. kor gnr. 104 bnr. 3 har vegrett|, datert 04.04.2017
120. merknad frå Kari Margrethe Wenaas Reiersen, datert 31.05.2017
121. merknad frå Ole Kristian Langås, datert 01.06.2017
122. merknad frå Magne Underdal og Gunnar Blomhaug, datert 30.05.2017
123. merknad frå Per Knut Vistad, datert 30.05.2017
124. merknad frå Statkraft v/adv. Nilsen, datert 31.05.2017
125. merknad frå Olav Godtland, datert 29.05.2017
126. merknad frå Olav Øverland, datert 29.05.2017
127. merknad frå Rune E. Reindal, Marit A. Reindal Frogner, Gyrid Beate Reindal Frogner, datert 24.05.2017
128. merknad frå Einar Bakken, datert 27.05.2017
129. merknad frå Svein Arne Rosland, datert 20.05.2017
130. merknad frå Olav B. Underdal., datert 16.05.2017
131. merknad frå Anne Aalandsli Slettetveit og Mariann Romtveit, datert 07.06.2017
132. Partsdeling i veglaget

Retten gjorde slikt

vedtak:

Når jordskifteretten skal ta avgjerd om skifteplan, skal det nyttast vedtak, jskl. § 17 a. Vedtaket gjeld bruksordning av vegane i Botnedalen og gjeld for partane lista opp på s. 59-65 i rettsboka.

Framlegg til bruksordning vart handsama i rettsmøte 31.01.2017. Det kom der eit krav om utviding av saka til å gjelde også hytteeigarane. Hytteeigarane fekk forkynt at det var kravd jordskifte og innkalling til rettsmøte 30.03.2017. Det vart framlegg til bruksordning handsama.

Jordskifteretten utarbeida endeleg framlegg til vedtak for bruksordning som blei sendt partane 03.04.2017. Det blei gjeve frist til 01.05.2017 for å kome med merknader. Det kom inn merknader slik det går fram av dokumentlista. Desse blei sendt partane med frist til 01.06.2017 for å kome med merknader. Det kom inn merknader slik det går fram av dokumentlista.

Sakstilhøve:

Vegane i Botnedalen er eit vegsystem bygd i samband med regulering av Botnedalsvatnet og Strandstøydalsvatnet. Etter domen i jordskifteretten, stadfesta av Agder lagmannsrett 04.07.2016, er vegsystemet samansett slik:

veglengde. Eg ønskjer ei slik løysing med eitt veglag der alle kan nytte alle vegstrekningane og der kvar brukar bidreg med lik vegavgift. Avgifta må gjelde for eigedomane. Retten bør difor definere kven som er tilhøyrande "eigedom". Det vil vere naturleg at det gjeld eigaren og nær familie, som ikkje nødvendig vis treng å ha same adresse som eigar.

Same deling kan ikkje gjelde ved oppgradering av einskilde strekningar. Det må primærbrukarane av vegstrekninga dekkje.

Om retten vel ein modell der Statkrafts part vert redusert når det kjem fleire hytter, bør det vere ei nedre grense på 30% for Statkraft.

Olav Godtland, Per Tore Skaalen og Tore Felland Storhaug har i hovudsak gjort gjeldande:
Retten må ta ein gjennomgang av lista der partane i veglaget er fastsett. Nokre eigedomar har ein part, mens andre har fått fleire.

Det er 3 hytter like innafor Øyarvadet som skal ere partar i saka. Det gjeld hyttene til Thor Inge Frogner, Tommy Lippert og Sverre Tobiassen. Tilsvarande gjeld Fredrik Øren som nyttar vegen inn til Ånovd.

Gnr. 113 bnr. 10 er overdregen frå Halvard Ljostad til Morten og Josten Skolås.

Det er urimeleg at det ikkje er noko nedre grense for Statkrafts part i vegen. Det er 60 – 80 uselde, regulerte hyttetomter i Botnedalen og Strandstøydalen. Det bør settast ei nedre grense på 30-35% for Statkraft.

Ei lik deling av partane i veglaget må berre gjelde for vedlikehald og naturskade. Eventuelle oppgraderingar må delast etter nytte, jf. vedtektenes §§ 6.2 og 15.

Det kan ikkje krevjast tilknytningsavgift for tomter som allereie er frådelt og selt.

Jordskifterettens forslag til deling av partar, der Statkraft har 35% er rett. Statkraft har det all vesentlege ansvar for anleggsvegane. Desse utgjer 48% av den totale veglengda.

Årsavgifta må gjelde ein bil med eit synleg medlemskort.

Anne Gyrid Skoe og Une Brita Skoe har i hovudsak gjort gjeldande:

Gnr. 115 bnr. 8 har fått 2 partar i veglaget. Eigedom er eit sameige der det er oppført 1 hytte. Vi meiner eigedom difor skal ha 1 part i veglaget

Tarjei Draugedal har i hovudsak gjort gjeldande:

Familien har fått hyttetomter av Ingebjørg og Halvor Draugedal i Brurstøyl hyttefelt. Det er berre bygt hytte på 1 av tomtene. Barnebarna har berre skøyte på tomta. Fleire av dei er mindreårige. Slik eg forstår rettens forslag så slepp dei å betale tilknytningsavgift om dei seinare bygger hytte.

Svein Arne Rosland har i hovudsak gjort gjeldande:

Det er feil fastsetting av parter for desse eigedomane:

Gnr. 108 bnr. 2 har fått 2 parter.

Gnr. 108 bnr. 3 har fått 3 parter.

Gnr. 108 bnr. 5 har fått 4 parter

Gnr. 108 bnr. 11 har fått 2 parter.

Einar Bakken har i hovudsak gjort gjeldande:

Retten må gå igjennom lista for fastsetting av partar. Det er feil for gnr. 108 bnr. 5 og festetomter under dette bruket.

Åse Slåtta har i hovudsak gjort gjeldande:

Statkraft bør ha ei part på 40%. Ved frådelling av nye hyttetomter er det ikkje grunn til å redusere Statkraft sin part i vegen.

Ruben Gaski har i hovudsak gjort gjeldande:

Eigedomen har fått 6 partar i veglaget. Det må vere feil når ein ser at andre eigedomar har 1 part og dette skulle vere likt.

Björgulv Underdal har i hovudsak gjort gjeldande:

Berre ei av tomtene vi eig i Botnedalen er med i bruksordninga. Vi ønskjer at gnr. 112 bnr. 5 skal kome med.

Olav Felland har i hovudsak gjort gjeldande:

På gnr. 114 bnr. 19 og gnr. 117 bnr. 9 står det ei hytte, "Gjømle". Hytta har ikkje eige matrikelnummer, og eigarane er: Olav Felland, Asbjørg Baldersheim, Gunvor Felland og Sigrid Felland.

I gnr. 105 bnr. 10 og 11 har Dag Nordskog ein eigarpart. Han er oppført i saka som eigar av gnr. 116 bnr. 3.

Kjersti Felland har i hovudsak gjort gjeldande:

Sameige har gått ut på dato. Eg har skøyte på gnr. 114 bnr. 19.

Marianne Langedal har i hovudsak gjort gjeldande:

Hytta på gnr. 108 bnr. 5 fnr. 901 var sist i bruk 2000/2001. Det er ikkje planlagt ytterlegare bruk med det første. Retten må vurdere om det er rimeleg at eigedomen skal vere med i veglaget.

Birgit Lidtveit har i hovudsak gjort gjeldande:


Om nokon ønskjer å bygge om ein veg, må dei dekkje kostnadane med dette sjølv. Vi har td. ikkje nytte av ein høgare vegklasse på veg E og skal difor ikkje betale noko for det.

Statkraft sin part kan ikkje bli redusert, i alle fall ikkje lågare enn til 20%, om det kjem fleire brukarar av vegane. Statkraft har eit ansvar for ålmenta som dei ikkje kan bli fri.

Tilknytningsavgifta bør settast til 10 000 kr. Det blir mykje transport i samband med hyttebygging.

Kari Margrethe Wenaas Reiersen har i hovudsak gjort gjeldande:

Dei som driv næring og treng vegen til dette, må dekke alle kostnader. Dei næringsdrivande og Statkraft bør dele dette i innbyrdes avtala. 75% til Statkraft er rimeleg. Resterande 25% bør bøndene dekke. Dei har selt hyttetomter, med profitt og utan noko anna form for klausul enn at hytteeigarane må betale bompengar. Alternativ til bompengar vil vere at hytteeigarane dekkje 10% av vegkostnadane. Då må også hyttene til grunneigarane ta sin del av desse 10%.



- Veg A – Nordgarden – krysset Strandstøydalen/Fjellstøyl – 2400 m
- Veg B – krysset Strandstøydalen/Fjellstøyl – Strandstøydalen – 1350 m
- Veg C - krysset Strandstøydalen/Fjellstøyl – Fjellstøyl (Kilerova) – 1650 m
- Veg D – Fjellstøyl (Kilerova) – Vaddefloti- 3500 m
- Veg E – Fjellstøyl (Kilerova) – Myklestøyl – 2900 m
- Veg F – Myklestøyl (dammen) – Lofthus (filtertak) – 2000 m
- Veg G – Lofthus – Høvund – 3150 m
- Veg H – tiltaksveg – 100 m

Det er vidare rettskraftig avgjort at

- Veg A er anleggsveg. Statkraft Energi AS sitt ansvar er å avgrensa til å vedlikehalde denne vegen i ein slik stand dei sjølv har nytte av. Statkraft Energi AS er eigar av vegen
- Veg B er anleggsveg. Statkraft Energi AS sitt ansvar er å avgrensa til å vedlikehalde denne vegen i ein slik stand dei sjølv har nytte av. Statkraft Energi AS er eigar av vegen
- Veg C er anleggsveg. Statkraft Energi AS sitt ansvar er å avgrensa til å vedlikehalde denne vegen i ein slik stand dei sjølv har nytte av. Statkraft Energi AS er eigar av vegen
- Veg D er ein konsesjonsveg/vilkårsveg. Statkraft Energi AS har ikkje ansvar for vedlikehald og evt. opprusting av vegen. Eigarane av landbrukseigedomar tilknytta vegen er eigarar av vegen.
- Veg E er anleggsveg. Statkraft Energi AS sitt ansvar er å avgrensa til å vedlikehalde denne vegen i ein slik stand dei sjølv har nytte av. Statkraft Energi AS er eigar av vegen

- Veg F er ein tiltaksveg. Statkraft Energi AS har ikkje ansvar for vedlikehald og evt. opprusting av vegen. Eigarane av landbrukseigedomar tilknytta vegen er eigarar av vegen.
- Veg G er ein konsesjonsveg/vilkårsveg. Statkraft Energi AS har ikkje ansvar for vedlikehald og evt. opprusting av vegen. Eigarane av landbrukseigedomar tilknytta vegen er eigarar av vegen.
- Veg H er ein tiltaksveg. Statkraft Energi AS har ikkje ansvar for vedlikehald og evt. opprusting av vegen. Eigarane av landbrukseigedomar tilknytta vegen er eigarar av vegen.
- Statkraft Energi AS har ikkje plikt til å halde vegane vinteropne.

Veg A, B, C og E er difor dei vegane Statkraft Energi AS har noko ansvar for. Dei andre vegane vert ikkje nytta av Statkraft Energi AS og er brukarane av den aktuelle vegen sitt ansvar når det gjeld drift og vedlikehald.

Med unntak av veg B og F, har vegane stigning(ar) som ligg opp mot 14%. Ingen av vegane er difor innafor stigningskrava til vegklasse 3 og 4, men innafor krava i vegklasse 5. Anleggsvegane skal vere opne for ålmenta, men likevel slik at det kan krevjast bompengar. Det er ikkje krav om at veg D, F, G og H skal vere opne for ålmenta. Det er opp til vegeigarane å avgjere dette.

Ole Kristian Langås har i hovudsak gjort gjeldande:

Retten må spesifisere kven som er vegeigarar av vegane Statkraft ikkje eig og gje reglar for avstemming i spørsmål som gjeld vegeigarane.

Vegklasse 3 er for høg standard på veg D, F, G og H. Det blir for dyrt å ruste opp desse vegane til slik standard. Vegane må difor vedlikehaldast på ein god måte med utgangspunkt i dagens standard.

Retten meiner Statkraft treng vegklasse 3. Det er difor feil når retten argumenterer for at dei andre brukarane må vere med å dekke differansen mellom den vegkvaliteten Statkraft treng og den kvaliteten dei andre brukarane treng. Ingen treng høgare vegklasse enn 3.

Det er uansett ikkje høve til å legge kostnader med anleggsvegane på andre brukarar enn Statkraft. Statkraft har det økonomiske ansvaret for at ålmenta kan køyre på alle vegane med vegklasse 3 som standard, jf. brev frå OED datert 17.03.2017.

Retten må vurdere om tapsgarantien i jskl. § 3 a må forståast slik at Statkraft er ansvarleg for alt vedlikehald heilt fram til nokon krev og gjennomfører ei standardheving av vegen.

Statkraft kan ikkje få auka sin innflytelse i veglaget samtidig som dei vil redusere sin del av utgiftene.

Magne Underdal, Anne Aalandsli Slettetveit, Gunnar Blomhaug, Ingunn Slettetveit, Oddvar Seltveit, Knut Rønningen, Dordi Elise Flom, Knut Lofthus, Olav Mostøyl, Såvi Midjås, Margit Felland Krogh har i hovudsak gjort gjeldande:

Det må presiserast i vedtektenes § 3 at eigarlaget består av vegeigarar og bruksrettshavarar. Vidare må det vere slik at uansett kor mange hyttetomter som vert frådelt i Botnedalen, så kan ei ikkje ha mindre part enn 35%. Dei er eigarar av om lag halvparten av samla veglengde og har i høve til sitt HMS-system krav til ein viss standard på vegane.

Det vert føreslege at ein medeigar i veglaget berre kan stille med fullmakt frå 2 andre i årsmøtet. Det må også velgjast ein valkomite på 2 medlemmer.

Det er 3 hytter som ikkje er med i oversikten over partar. Det er tomter som ikkje er frådelt og som ligg på gnr. 106 bnr. 2. Eigarane er Tommy Lipert, Tor Inge Frogner og Sverre Tobiasen. Det er og ei hytte ved Flottjønn, gnr. 113 bnr. 10

Anne Aalandsli Slettetveit har gjort gjeldande at gnr. 104 bnr. 3 ikkje har sin tilkomst på nordsida av Botnedalsvatnet. Det vert vist til skjønning av heimla 25.06.1970.

Mariann Romtveit har i hovudsak gjort gjeldande:

Statkraft har stor økonomisk nytte av anlegga dei har i Botnedalen. Verdiskapinga er kring 100 millionar i året. Nyten dei har er difor mykje større enn dei andre eigedomane i Botnedalen, og dei bør difor betale det all vesentlege av kostnadane.

Med dei store endringane Statkraft krev i vedtektene, må dei og ta eit stort økonomisk ansvar og ikkje mindre som dei no krev. Dei krev alle rettar på anleggsvegane noko som i framtida kan vere til hinder for dei andre brukarane.

Grunneigarane har ikkje sett fram krav om høgare standard enn det Statkraft sjølv treng. Å pålegge veglaget å heve standard til vegklasse 3 gjer at utgiftene blir større enn nyten. Kravet må difor ut av vedtektene. Anleggsvegane er det Statkraft sitt ansvar å vedlikehalde for seg sjølv og ålmenta.

Inntektene til veglaget bør delast likt mellom vegane slik at det ikkje fortsett som i dag med dårlegare standard på dei inste vegane.

Vegane bør ikkje kunne stengast i beiteperioden og jakttida då det vil kunne setje liv i fare. Beitelaga bør knyttast til vegen på same måte som dei andre faste, brukarane av vegane.

Retten må vurdere om dei offentlegrettslege pliktene til Statkraft går over dei privatrettslege, jf. brevet der OED skriv at det privatrettslege ikkje avgrensar dei offentlege forpliktelsane.

Statkraft Energi AS, ved advokat Bjørn Trygve Nilsen, har i hovudsak gjort gjeldande:

Bruksordninga må i utgangspunktet bygge fullt ut på det som blei fastslått i lagmansrettens dom 04.07.2016 og i jordskiferettens dom 02.07.2015. Det gjeld med mindre Statkraft samtykker i noko anna. Det er difor berre anleggsvegane, A, B, C og E Statkraft har noko ansvar for. Ansvar for desse vegane er avgrensa til å gjelde den standard som er nødvendig for Statkrafts egen bruk. Konesjons- og tiltaksvegane har ikkje Statkraft noko ansvar for korkje når det gjeld vedlikehald eller eventuelle opprustingar.

Jordskiferettens forslag inneber at Statkraft skal dekkje 35% av alle kostnader knytt til konesjons- og tiltaksvegane. Det gjeld både vedlikehald og framtidige opprustingar. Det er ikkje akseptabelt for Statkraft. Det bør etablerast eit felles veglag for heile veganlegget. Det er akseptabelt at Statkraft dekkjer ein del av veglagets løpande vedlikehaldskostnader for heile veganlegget, men då er det føresett at parten Statkraft skal dekkje svarar til nyten Statkraft har. Kostnader til ombygging, opprusting og utbetring etter naturskade må i så fall dekkast av dei einskilte veigarane.

Statkraft nyttar ikkje konsesjons- og tiltaksvegane. Etter større vedlikehaldsarbeid på dam og andre anlegg, vil Statkraft ruste opp anleggsvegane for eiga rekning. Det reduserar vedlikehaldsbehovet for dei andre brukarane. Statkrafts bruk av vegane vil til vanleg vere avgrensa til 25 turar i året. Det er lite i forhold til den bruken 130 andre brukarar har. Statkrafts nytte for heile veganlegget kan difor ikkje overstige 25%.

Dersom parten blir sett til 25% er det ikkje naturleg å redusere denne når fleire hytter blir tilknytta vegen. Med ein part på 25% kan ikkje Statkraft blokkere vedtektsendringar. Det vert akseptert så lenge Statkraft må samtykke i eventuelle endringar i vedtektene §§ 12 og 15. Dei andre bestemmelsane kan endrast med 2/3 fleirtal.

Langås reiser i sin merknad spørsmål om det er høve til å innføre bompengar på anleggsvegane. Det vert vist til Ot.prp. nr. 50 (1991-1992) pkt. nr. 9.6.4 hvor departementet skriv: *"Besluttet vegen åpnet for almenheten vil en andel av utgiftene rimeligvis påligge denne, enten i form av tilskudd fra kommunen eller ved bompenger"*.

Statkraft er ellers samd i merknaden frå Midjås om at det bør vere opp til veglaget å avgjere kva vegklasse tiltaks- og konsesjonsvegane skal ha.

Til dei einskilde vedtektene:

§ 1: det må gjerast unntak ikkje berre frå krav til stigning, men og til snu- og møteplassar.

§ 2: det må gå klart fram at føremålet med anleggsvegane er å tene Statkraft sine anlegg og at selskapet har full disposisjonsrett over vegane når omsynet til drift av kraftanlegga gjer det nødvendig.

§ 7: med så mange partar er det ikkje tenleg at ein kan krevje ekstraordinært årsmøte. Det bør vere eit krav om at minimum 5% av medeigarane i veglaget krev det.

§ 8: i budsjett og rekneskap må kostnader til oppgradering/omlegging og istandsetting etter naturskade gå fram for dei einskilde vegane.

§ 12: Statkraft må kunne nytte vegane i periodar då det elles vil vere naturleg å stenge, mot å sette i stand skader som oppstår.

§ 15: Statkraft kan ikkje akseptere noko ansvar for oppgradering/ombygging og istandsetting av naturskade på anna enn anleggsvegane. Berre vanleg vedlikehald er akseptabelt å delta i, men da må Statkrafts part spegle nytten.

Birte Midjås har i hovudsak gjort gjeldande:

Statkrafts part i veglaget må ligge på 55% og aldri under 50% om det vert ein reduksjon om talet på hytter aukar. Dette fordi dei har ei stor komersiell interesse og behov for vegane for å kunne nytte denne. Veg A, C og E krev mest vedlikehald pga. stigninga. Statkraft må ha vegane i beredskapsøyemed.

Veglaget må sjølv avgjere kva klasse dei ønskjer at vegane på sikt skal få.

Eldar Vistad har i hovudsak gjort gjeldande:

Framlegget til bruksordning er tufta på ei enkel deling av kostnadane der det er lagt til grunn at nytteverdien for alle eigedomane, utan Statkraft, er den same uavhengig av type bruk og

Per Knut Vistad har i hovudsak gjort gjeldande:

Statkraft har den største nytten av vegen. Dei har og den tyngste bruken med tunge anleggsmaskiner. Ei personbil slit ubetydeleg på vegen samanlikna med desse.

Det er umogleg å forstå at store landbrukseigedomar skal få same part i vegen som ei hytte. Det er vidare urimeleg at alle må delta i eventuelle opprustingar/ombyggingar av vegane. Det vil alltid vere ulik nytte av desse.

Betaling for vegen må skje etter bruk, slik det gjer ved bompengar.

At alle kan nytte heile vegnettet er interessant. Når det kjem til realitetane så er det for eigen del ikkje aktuelt. Det vil bli eit i overkant kostbart opplegg for min eigedom.

Olav Øverland har i hovudsak gjort gjeldande:

Stortinget har bestemt at veganlegget fritt kan nyttast av alle. Bruksordninga gjev ikkje ei betre løysing. Retten meiner Statkraft treng vegklasse 3. Eg treng ikkje noko høgare vegklasse enn det og vil li tap om eg no må betale for å nytte vegane. Skulle retten halde fast på at kostnadane skal delast mellom alle, må Statkrafts del aukast.

Forslaget til bruksordning er ikkje lagt fram i noko rettsmøte der hytteeigarane var kalla inn. Det må vere sakshandsamingsfeil. Eg krev eit møte.

Rune Eriksen Reindal, Marita Agnete Reindal Frogner og Gyrid Beate Reindal Lippert har i hovudsak gjort gjeldande:

Tommy Lippert og Thor Inge Frogner er ikkje hytteeigarar. Det er Marita Agnete Reindal Frogner og Gyrid Beate Reindal Lippert som eig hyttene. Hyttene er ikkje frådelt gnr. 106 bnr. 2. Det er difor ikkje rett at hyttene skal ha ein part i veglaget. Hyttene ligg 7-800 m inn på vegen. Om hyttene skal ha ein part i veglaget må i alle fall nytteverdien leggest til grunn.

Olav B. Underdal har i hovudsak gjort gjeldande:

Gnr. 112 bnr. 9 må føyast til lista over partar i vegen. Det er ei ubebygd tomt.

Retten ser saka slik:

Partar i saka

Gnr. 88 bnr. 1 har ikkje eigedom i Botnedalen. Eigedomen går difor ut som part.

Gnr. 88 bnr. 3 har ikkje eigedom i Botnedalen. Eigedomen går difor ut som part.

På gnr. 106 bnr. 2. er det 2 hytter som eigar av eigedomen ikkje er eigar av. Rune Eriksen Reindal opplyser i sin merknad, saman med Marita Agnete Reindal Frogner og Gyrid Beate Reindal Lippert, at det er dei 2 sistnemnte som er eigar av dei 2 hyttene. Hyttene har ikkje frådelt tomt. Om ei hytte står på frådelt tomt eller ikkje har frådelt tomt, gjer ingen forskjell når det gjeld forpliktelsane eigaren av hytta har som brukar av vegen. Hyttene får difor part i veglaget som andre hytter.

Saka er utvida i fleire omgangar. Einskilde merknader går på at det er fleire eigedomar som nyttar vegen til sin eigedom og soleis skulle vore partar i saka. Retten tek inn eigedomar der eigar har anna eigedom som har vore med i saka tidlegare. Det gjeld gnr. 112 bnr. 5 og gnr. 112 bnr. 9.

Vidare gjeld det hytta "Gjømle" som Olav Felland meiner er eit sameige. Hytta har ikkje frådelt tomt, men ligg på gnr. 114 bnr. 19 og gnr. 117 bnr. 9. Kjersti Felland er ikkje av same oppfatning. Jordskifteretten treng ikkje å ta stilling til spørsmålet om eigarskap til hytta for å ta eigedomen inn i bruksordninga.

Eigedomar der eigaren ikkje tidlegare har vore med i saka, kan ikkje takast inn no.

Organisering

Retten legg opp til eit veglag for heile vegsystemet, og ei partsdeling i veglaget som gjeld drift og vedlikehald for alle vegane. Veglaget blir difor beståande av vegeigarar og vegrettshavarar. Desse blir til saman eigarar av veglaget. Det er ein tingsrettsleg sameigekonstruksjon som kan registrerast i Einingsregisteret i Brønnøysund. Når ordet "*medeigar*" er nytta i vedtektene, er det altså ikkje det same som ein medeigar i vegen. Det er ein medeigar i veglaget.

Retten kan ikkje spesifisere kven som er eigarar av veg D, F, G og H då spørsmålet ikkje er handsama i saka. Det som er avgjort er at det ikkje er Statkraft som er eigar av desse vegane.

I einskilde tilfelle vil det vere nødvendig å skilje mellom ein vegeigar og ein vegrettshavar (dvs. ein eigedom som ikkje er eigar av vegen, men berre har bruksrett til vegen). Så lenge dei med vegrett kan utøve retten slik den er avtalt skal nyttast, vil vegeigar, utan at dei med bruksrett kan protestere, td. kunne:

- Gje bruksrett til nye brukarar (td. ved etablering av hyttefelt, næringsverksem mm.)
- Opne vegane for ålmenta og innføre bompengar
- Bygge om vegen
- Forlenge vegen og ta opp nye eigedomar som medeigarar/bruksrettshavarar
- Auke sin bruk av vegen (det kan då bli nødvendig å endre partshøva i vegen)

I slike spørsmål røyser eigarane av vegen spørsmålet gjeld etter parten dei har i veglaget.

Vedtektene for veglaget vil ha reglar for mindretalsvern. Dvs. at eit fleirtal ikkje kan tvinge mindretalet med på investeringar/tiltak i vegen, som mindretalet ikkje har nytte av. Skulle ikkje partane bli samde om dette, vil mindretalet kunne få prøvd veglagets vedtak rettsleg.

Vegklasse på anleggsvegane

Statkraft Energi AS er avhengig av at veg A, B, C og E (anleggsvegane) kan køyrast med alt frå personbilar til lastebilar for transport av anleggsmaskiner og materiell. For personbiltrafikk er det i dag lite formålstenleg med ein anna klasse på vegen enn skogsbilveg klasse 3. Ein slik veg held og for normal anleggstrafikk. Når det gjeld krav til stigning finn ikkje retten å kunne pålegge Statkraft Energi AS å bygge om vegen slik at den får ei maksimal stigning på 10% (på rette strekningar opp til 60 m 12%). Med unntak av stigning og snuplassar/møteplassar, skal difor veg A, B (held stigningskravet), C og E halde krava til vegklasse 3, jf. normalen for skogsbilvegar.

Dei andre brukarane av veg A, B, C og E har og føremoner av at vegen held ein slik standard.

Grunneigarane, som eig vegane innafor, kan krevje å få bygge om veg A, B, C og E slik at dei tilfredsstillar krava til stigning og snuplassar/møteplassar for skogsbilveg. Statkraft Energi AS har marginal nytte av ei slik ombygging og kan ikkje bli pålagt kostnader med dette.

Etter større vedlikehaldsarbeid, der Statkraft Energi AS nyttar vegane, skal dei sette vegane i stand att slik at dei fyller krava til skogsbilveg klasse 3. Det betyr at etter den pågåande forsterkinga av dammane, skal Statkraft Energi AS ruste opp vegane A, B, C og E for eiga rekning. Stigninga på vegane skal fortsatt vere som i dag.

Eigarane av landbruks-/fjell-/hytte-eigedomar i Botnedalen skal og betale for bruk av desse vegane. Det er opna for at Statkraft kan finansiere delar av vegvedlikehald på anleggsvegar med bompengar, jf. Ot.prp. nr. 50 (1991-1992). Også tidlegare har det vore vanleg med bompengar på slike vegar. Retten fastsett i denne saka at vegen skal halde vegklasse 3. Det er ikkje Statkraft i utgangspunktet forplikta til. Bruksordninga gir difor brukarane ein betre veg. Det gjev mindre slitasje på køyretøy, fleire dagar det kan køyrast på vegen og lågare kostnader til vedlikehald.

Vegklasse på dei andre vegane

Veg D, F, G og H, held ikkje vegklasse 3 i dag korkje når det gjeld stigning eller kvalitet. Retten tok i framlegget til bruksordning til ordet for at veglagets langsiktige mål skal vere å arbeide for at veganes kvalitet kjem på nivå med vegklasse 3. Fleire av merknadane går på at dette vil koste for mykje. Retten endrar difor ordlyden til: veglaget skal vedlikehalde veg D, F, G og H slik at standarden ikkje blir dårlegare enn i dag.

Statkraft Energi AS si tilknytning til veglaget

Statkraft Energi AS er eigar av fleire av vegane. Dette er i tillegg dei vegane som ligg først i vegsystemet og som alle er brukarar av. Dei er sjølv ein viktig brukar av vegane og har stor nytte av vegane i samband med drift, vedlikehald og beredskap på anlegga sine. Retten skipar i denne saka eit eigarlag med driftsansvar. Som eigarar av veg A, B, C og E skal Statkraft Energi AS vere medeigar i veglaget som driftar vegane i Botnedalen og Strandstøydalen.

Partsdeling i veglaget

Det er berre anleggsvegane som treng vere opne for ålmenta. Retten skipar eit veglag for heile veganlegget, men det blir opp til eit fleirtal av vegeigarane i veg D, F, G og H om ein eller fleire av desse vegane skal vere opne for ålmenta.

Partane skal fastsetjast ut frå nytten den einskilde eigedomen har av vegen. Retten legg til grunn at vegane vert nytta i samband med drift av kraftverksinstallasjonane, bruk av skog, beite, jakt og hytter/staular. Retten skal fastsette parten ut frå ei objektiv vurdering av eigedomen. Om einskilde eigedomar vert nytta mykje og andre lite, får difor ikkje noko å seie for storleiken på parten. Det er bruken eigedomen er egna til som skal leggest til grunn.

Det er ikkje berre Statkraft og landbrukseigedomane som har nytte av vegen. Hytteeigarane har og nytte. Ikkje berre kan dei køyre fram til hytta sjølv, men vegen har og ein funksjon når det gjeld beredskap, td. ambulanse, brannbil mm.

Det meste av slitasje på vegane kjem av vær og vind. Sjølv om eigedomanes areal varierer frå hyttetomter på 1 daa til fjelleigedomar 31 000 daa, vil ikkje nytten av vegen vere så ulik. Mykje av nytten er knytt til det å ha vegen tilgjengeleg når ein måtte ønskje å nytte han. Mykje av vegslitasjen kjem av klima og er difor ikkje knytt til talet på turar ein køyrer etter vegen. I rettsmøtet var forslaget frå partane å gje alle, med unntak av Statkraft, lik part i vegen. Det føresett at alle får nytte alle vegane. Retten la i sitt framlegg dette til grunn. I fleire merknader er det protestert på ei slik deling.

Retten går difor tilbake til prinsippa i det første framlegget der det vart skilt mellom landbrukseigedomane etter storleik og veglengde. Den innbyrdes delinga mellom desse var frå 1 – 3%. Altså ikkje veldig ulik nytte av vegane. Dei fleste landbrukseigedomane vil ha noko meir nytte av vegen enn hyttene på same stad. Retten fastsett difor parten i vegen etter skjøn ut frå utrekninga i første framlegg. Dei landbrukseigedomane som då ikkje var teke inn i saka blir vurdert opp mot liknande eigedom på same stad. Ved ei slik fastsetting av partar i vegen vil det ikkje vere grunnlag for å krevje at td. eit beitelag skal betale for køyring i samband med transport av dyr og folk. Utnytting av beite, utleige av jakt mm. ligg då inne i kvar einskild eigedoms part.

Til einskilte eigedomar er å merke:

Gnr. 85 bnr. 2 og gnr. 86 bnr. 2 er eit realsameige – Bugen. Sameiga får ein part i vegen som sameigarane sjølv må dele seg i mellom.

Garden Bakken er tidlegare delt i 2 – gnr. 108 bnr. 2 og gnr. 108 bnr. 7. Jørgen Bakken er heimelshavar til gnr. 106 bnr. 4, gnr. 108 bnr. 2, ein halvpart i gnr. 108 bnr. 3 og gnr. 108 bnr. 5. Gnr. 108 bnr. 7 er eigd av Jan Erik Hilding og Silje Strømsli. Gnr. 108 bnr. 3 og gnr. 108 bnr. 5 er sameige mellom Jørgen Bakken og Jan Erik Hilding og Silje Strømsli. Sameiga ligg i Strandstøydalen. Gnr. 106 bnr. 4 har ein teig i starten av vegen og ein inne i Strandstøydalen. Gnr. 108 bnr. 2 og gnr. 108 bnr. 7 har ikkje noko teig inn etter Botnedalsvegen og får difor ikkje noko part i veglaget.

For hyttene vert det fastsett slike vektal:

- Hytter etter veg A, B, C – 1
- Hytter etter veg D, E, F – 2
- Hytter etter veg G, H – 3

Einskilte hytteeigarar er eigarar av 2 tomter. Så lenge ei av desse er ubebygd legg ikkje retten noko part på denne. Om tomta vert selt, eller det vert sett opp ei hytte, får eigedomen part i veglaget.

Dokument nr. 132 – Partsdeling i veglaget, viser dei einskilte eigedomanes part i veglaget.

Statkrafts part i vegen skal sjølv sagt vere større enn dei andre eigedomanes. Dei er i utgangspunktet ansvarleg for å halde vegane dei eig, opne for ålmenta. No vil vegane ha ein betre standard enn dei strengt tatt treng sjølv og det er denne differansen dei andre brukarane må dekkje. Statkraft eig i underkant av 50 % av vegane rekna i meter. Utgangspunktet ville difor vere at dei skulle ha ein part på 50%. Anleggsvegane vil truleg vere noko rimelegare å vedlikehalde enn dei andre vegane med lågare standard og eit etterslep på vedlikehald. Saman med fråtrekk for auke i standard på vegen, sett retten difor Statkraft sin part i veglaget til 35 %. Retten ser ikkje at det er grunnlag for å endre på Statkrafts part i laget, slik Statkraft har kravd i sin merknad. Det er heller ikkje grunnlag for å sette parten opp, slik det er kravd i einskilte merknader.

Systemet må difor vere at Statkraft får 35% av partane i veglaget medan dei andre medeigarane i veglaget får 65%. Desse 65% skal då delast mellom dei andre medeigarane slik det er fastsett i dok. nr. 132.

Retten ser at det kan vere urimeleg at veglaget skal dekkje eventuelle opprustingar/omleggingar av vegar som har ein avgrensa brukskrins. Både avgjerd om slike tiltak og kostnadane med tiltaket er difor brukarane av den aktuelle vegen sitt ansvar. Utgangspunktet for stemmegiving og deling av kostnader ved slike tiltak er den einskilde eigedoms part i veglaget. Retten presiserar at slike tiltak ikkje kan påleggast eigedomar som ikkje har nytte av tiltaket, jf. vedtektene § 15.

Løpande vedlikehald og istandsetting etter naturskade skal delast på alle i veglaget etter fastsett part.

Partane i veglaget er ikkje statisk, men vil måtte kunne endre seg om bruken av vegen endrar seg. Skulle det td. kome til fleire hytter, vil Statkraft sin part måtte gå ned. Retten foreslår at for kvar 5. nye brukar (dvs. ny eigedom som vert knytt til vegen), vert Statkraft sin part i vegen redusert med 1%. Ved eventuell tilknytning av andre nye og større eigedomar, må veglaget vurdere korleis dei skal endre partane i vegen. Statkraft sin part i laget kan ikkje bli lågare enn 30%.

For nye eigedomar som får rett til å bruke vegane skal det betalast ei tilknytningsavgift. Avgifta er tenkt å dekkje ein del av grunnlagsinvesteringane i vegane, samt ekstra trafikk i samband med oppsetting av hytte mm. Retten sett avgifta til 7500 kr. Avgifta skal regulerast med konsumprisindeksen. Avgifta skal betalast til veglaget når ny eigedom vert selt. Den som sel eigedomen er ansvarleg for innbetaling. Avgifta er ei eingongsavgift. Eigedomar som er frådelt før 15.06.2017, dvs. har eige matrikelnummer, skal ikkje betale tilknytningsavgift.

Vedtekter

Retten fastsett vedtekter for veglaget. Vedtektene er standard vedtekter for veglag skipa av jordskifteretten.

Til dei einskilde bestemmelsane er å merkje:

§ 1 – det vert gjort unntak frå krava i skogsbilveg klasse 3 til stigning, møteplassar og snuplassar. Vidare at det ikkje er noko mål å få veg D, F, G og H opp i vegklasse 3.

§ 2 – Statkrafts interesser vert og teke inn i føremålet med vegen.

§ 3 – partsdelinga går fram av dok nr. 132. Eigar og husstandsmedlem til eigar, samt brukarar som leiger beite, jakt, hytte eller anna av ressursgrunnlaget på eigedom, kan køyre på vegane utan å betale noko anna enn årsavgifta eigarane betalar for eigedomen. Veglaget kan velje å sette opp bom for alle andre brukarar av vegen.

§ 7 – retten delar Statkraft sitt syn på når ekstraordinært årsmøte kan krevjast. For å kunne få ekstraordinært årsmøte må minimum 5 % av medeigarane, rekna etter part i laget, stå bak kravet.

§ 8 – som ein konsekvens av at berre vedlikehald og istandsetting etter naturskade skal delast på alle medeigarane i veglaget, mens ombygging/opprusting av veg skal delast på brukarane av aktuelle veg, må veglaget i sitt rekneskap skilje mellom desse tiltaka.

§ 12 – Pga. Statkrafts anlegg i Botnedalen må dei kunne nytte vegen i periodar det vil vere naturleg å stenge. Eventuelle skader som vert påført vegen er Statkrafts ansvar å rette opp. Veglaget bør prøve å halde vegane opne i beiteperioden og jakta. Det er mykje verre å

plassere ansvaret hos brukarane her enn når det gjeld Statkrafts bruk. Desse har difor ikkje noko krav på at vegen blir halde open.

Styret i dagens veglag fortsett som midlertidig styre fram til første årsmøte etter at saka er rettskraftig.

VEDTEKTER FOR BOTNEDALEN VEGLAG

§ 1. VEGEN

Vegane i Botnedalen, heretter kalt veglaget, er delt slik:

- Veg A – Nordgarden – krysset Strandstøylaldalen/Fjellstøyl – 2400 m
- Veg B – krysset Strandstøylaldalen/Fjellstøyl – Strandstøylaldalen – 1350 m
- Veg C - krysset Strandstøylaldalen/Fjellstøyl – Fjellstøyl (Kilerova) – 1650 m
- Veg D – Fjellstøyl (Kilerova) – Vaddefloti- 3500 m
- Veg E – Fjellstøyl (Kilerova) – Myklestøyl – 2900 m
- Veg F – Myklestøyl (dammen) – Lofthus (filtertak) – 2000 m
- Veg G – Lofthus – Hovund – 3150 m
- Veg H – tiltaksveg – 100 m

Med unntak til kravet for stigning, snuplassar og møteplassar, skal vegane A, B, C og E halde skogsbilveg klasse 3, jf. normalen for skogsbilvegar. Veglaget skal vedlikehalde veg D, F, G og H slik at standarden ikkje blir dårlegare enn i dag.

§ 2. FORMÅL OG ANSVAR

Veglagets formål er å vedlikehalde og sørge for tilstrekkeleg vegstandard på vegane, om nødvendig ved opprusting/omlegging. Vegen skal på tidsmessig måte tene jord-, skog-, støls-, utmarks-, hytte- og fritidsinteressene innenfor veganes dekningsområde. Veg A, B, C og E skal i tillegg tene Statkraft sine interesser som anleggsvegar. Laget er et eigarlag og har delt, ubegrensa ansvar i samsvar med andelen i laget, jf. § 3 (proratarisk ansvar), jf. jskl. § 3-10.

§ 3. MEDEIGARAR

Følgjande eigedomar er medeigarar i veglaget med slike partar:

- Statkraft 35%
- Dei andre brukarane 65%, vert delt mellom dei andre eigedomane slik det går fram av dok. nr. 132.

Eigarparten i veglaget følgjer eigedomen og kan ikkje skiljast frå denne. Dersom ein eigedom blir delt og den frådeltte parsellen er landbrukseigedom som soknar til vegen, har denne rett og plikt til å bli med i veglaget. Ny partsdeling blir avgjort av styret etter nytte.

Ved frådeling av nye hyttetomter får kvar 1 part i veglaget. For kvar 5. frådeltte tomt, skal Statkrafts part reduserast med 1 %. Statkrafts part kan ikkje bli mindre enn 30%.

Som nye medeigarar kan etter søknad takast opp andre eigedomar i området og andre som veglaget ønskjer å ha med.

Eigar og husstandsmedlem til eigar, samt brukarar som leiger beite, jakt, hytte eller anna av ressursgrunnlaget på eigedom, køyrer på vegane utan å betale noko anna enn årsavgifta eigarane betalar for eigedomen.

§ 4. ANDRE BRUKARAR AV VEGEN

Medeigarane i veglaget som fester bort/sel hyttetomter, skal betale særskilt tilknytningsavgift for at hytteeigarane/-brukarane skal få bruke dei aktuelle vegane. Tilknytningsavgifta gir hytteeigarane/-brukarane bruksrett til veggen for seg og sine husstandsmedlemmer mot å betale ei fast årsavgift. Bruksretten gjeld og ved framleige. Brukarane må rette seg etter veglagets vedtak om bruken av vegane.

§ 5. ARBEIDSÅR OG FORPLIKTELSE

Rekneskaps- og arbeidsåret følgjer kalenderåret. Laget blir forplikta av leiaren saman med kasseraren.

§ 6. ÅRSMØTE

1. Konstituering

Årsmøtet er lagetets øvste myndighet. Ordinært årsmøte skal haldast innan 1. mai kvart år. Berre medeigarane i laget har rett til å delta på årsmøtet. Ein medeigar kan la seg representere ved fullmektig med skriftleg fullmakt. Leiaren kallar inn til årsmøte. Innkallinga skal skje skriftleg med minst to veker varsel. Sakslista skal følgje innkallinga. Årsmøtet kan ikkje fatte bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnt i innkallinga. Saker som ein ønskjer handsama på årsmøtet, må vere motteke av styret innan 1. februar.

2. Fleirtalsvedtak

Det einskilde vedtak på årsmøte blir gjort med vanleg fleirtall (simpelt relativt fleirtall) blant dei frammøtte. Ved avstemming og val har kvar medeigar stemme i høve til sin part etter § 3. Dersom alle er samde, kan avstemming skje ved at kvar har ei stemme. Ved skriftleg avstemming blir blanke stemmer rekna som ikkje avgitte stemmer. Likt stemmetal ved val blir avgjort med loddtrekning. Ved stemmelikheit elles har møteleiaren dobbeltstemme.

Årsmøtet er vedtaksført når innkallinga har skjedd på lovleg måte. Fleirtalsvedtak må ikkje påføre nokon medeigar større kostnader og ulemper enn nytte. Vedtaket må heller ikkje medføre usakleg forskjell på rettane til fleirtalet og mindretalet. Vedtaket må ivareta fellesskapets vel og ikkje gje urimelege fordelar til fleirtalet til skade for mindretalet. Medeigar som meiner et fleirtalsvedtak er i strid med desse vilkåra, kan bringe spørsmålet opp for rettsleg skjønn.

3. Årsmøtet skal:

Velje møteleiar.

Velje protokollførar.

Godkjenne innkalling, fullmakter og sakliste.

Behandle styrets årsmelding og det reviderte rekneskapet, arbeidsplan og budsjettforslag.

Behandle innkomne saker.

Velje leiar.

Velje kasserar

Velje 3 styremedlemer

Vedta års- og bom-avgifter

Vedta retningsliner for vedlikehald, opprustingar, vinterbrøyting og vilkår for tildelinga av slikt.

Andre saker som er nemnt i innkallinga.

4. Videre kan årsmøtet m.a.:

Delegere anna myndighet til styret og evt. oppsynsmann.

Vedta godtgjersle for tillitsvalde.

Vedta opptak av nye medeigarar i veglaget og dei økonomiske og formelle vilkåra for dette.

Vedta endringar av vedtektene, jf. § 17.

Vedta større omleggingar/utbetringar, evt. nyanlegg av vegen.

Vedta innkjøp av utstyr.

Vedta innbetaling av forskott.

Vedta å forsikre seg mot erstatningsansvar.

Vedta andre saker som gjeld vegen.

Det skal førast protokoll for årsmøtet. Protokollen skal underskrivast av deltakarane på årsmøtet

§ 7. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når minimum 5% av medeigarane, rekna etter part i laget, krev det. Frist og framgangsmåte for innkalling er den same som for vanleg årsmøte. Saklista skal følgje innkallinga. Det kan berre gjerast vedtak i dei sakene som er nemnt i innkallinga. Det skal førast protokoll for møtet. Protokollen skal underskrivast av deltakarane på årsmøtet.

§ 8. STYRET

1. Samansetting

Laget blir leia av eit styre på 5 medlemmer. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer deltek. Når berre 3 styremedlemmer deltek, må vedtak vere samrøystes. Ved økonomiske avgjerder skal kasseraren delta. Styremøte skal haldast så ofte leiaren finn det nødvendig eller når minst to av styremedlemene krev det. Saker av mindre betydning, eller saker som må handsamast raskt (td. tiltak i samband med teleløysing) kan leiaren avgjere aleine. Slike avgjerder skal dei andre medlemene få melding om med ein gong, seinast i første styremøte.

2. Etter retningsliner frå årsmøtet skal styret:

Arrangere årsmøte, leggje fram årsmelding, rekneskap og forslag til budsjett og arbeidsplan for inneverande år. Leie drifta av vegen, sette bort arbeid, føre tilsyn med arbeid m.v. i samsvar med vedtektene, vedtak på årsmøtet og godkjent budsjett og arbeidsplan. Sette i gang mindre arbeid som må gjerest for å hindre skade på vegen og i den samanheng gjøre nødvendige innkjøp. Krevje innbetaling av avgifter og vedtekne forskott. Sørgje for ordna rekneskapsføring. Rekneskapet må skilje mellom det som er vanleg vedlikehald og istandsetting etter naturskade og det som er opprusting/ombygging. Tilsette eventuelt vegoppsyn i samsvar med årsmøtevedtak. Sørgje for forsvarleg vedlikehald, rydding av vegkantar, høvling og grusing, kontroll av stikkrenner/veggrofter og liknande, og lyse ut dette med mindre det er semje om at ein eller fleire av medlemene skal gjere det. Lyse ut eventuell vinterbrøyting og godta tilbod. Hindre ufornuftig bruk av vegen ved å regulere eller stoppe køyring i kortare eller lengre tid, f. eks. under teleløysing og i regnperiodar. Nekte bruk av vegen ved manglande betaling. Nekte bruk av vegen for medeigarar som ikkje rettar seg etter vedtektene og gjeldande vedtak. Avtale særskilt bruk mot særskilt avgift, jf. § 11, pkt. 3. Avgjere spørsmål frå andre personer, foreiningar o.l. om bruk av vegen. Vedta å melde laget inn i aktuelle registre. Gjennomføre andre saker som årsmøtet pålegg styret.

3. Protokoll

Det skal førast møteprotokoll for styremøta. Protokollen skal vere tilgjengelig for samtlige

Ymse avgjerder

Jordskiftekostnader

Jordskiftekostnader og gebyr skal dekkast av partane i samsvar med jordskiftelova § 74.

I 2008 var rettsgebyret 860 kr. På denne bakgrunnen blir kostnadene for sak kravd i 2008 slik:

Registreringsgebyr (5x860)	kr	4 300,-
Partsgebyr (118x1,5x860)	kr	152 220,-
Sum	kr	156 520,-

Saka har vore arbeidskrevjande, men fordi ho har mange partar blir det samla gebyret urimeleg høgt. I medhald av jskl. § 74, 8. ledd, vert dei samla gebyrkostnadane redusert til kr 94 400,-.

Kostnadane med jordskiftesaka skal delast mellom partane etter nytten. Sjølv om eigedomane har fått fastsett ulike partar i veglaget, er nytten av å ha fått på plass ei ordning av vegane i Botnedalen tilnærma lik for alle. Retten delar difor kostnadane likt mellom alle partane. Kvar av partane (eigedomane – totalt 118 stk.), slik dette går fram av partslista på s. 59-65, skal difor betale 800 kr. Eigedomar med fleire eigarar, får sjølv dele rekninga mellom seg.

Faktura for skuldige beløp vert i eige brev sendt ut frå Domstoladministrasjonen. Betalingsfristen er påført fakturaen. Skuldig beløp som ikkje vert betalt innan denne fristen, kan tvangsinn drivast utan nærmare varsel.

Avslutting av saka

Saka blir avslutta i dette møtet.

Forkynning og anke

Forkynning skjer etter reglane for postforkynning. Fristen for anke er ein måned frå forkynning. Reglane om anke er lagt ved forkynninga.

Ikraftsetjing

Avgjerdene i denne saka vert sett i kraft frå rettskraftdato.

Tinglysing

Saka vil bli tinglyst på eigedomane som er part i saka.

Retten heva.

Kviteseid, 15.06.2017



medlemmer.

§ 9. LEIAR

Leiaren i laget har ansvaret for, og fullmakt til å melde laget inn i aktuelle og lovpålagte offentlige registre.

§ 10. GRUNN TIL VEGEN

1. Veggrunn

Ved framtidige utbetringar av vegen, skal medeigarane stille grunn til disposisjon til veg, grøfter, møteplasser og snuplasser. Dette gjeld og nødvendige fyllmasse som må takast utanfor sjølve veglinja. Grunneigar som må avstå grunn eller fyllmasse kan han krevje godtgjersle for dette.

2. Godtgjersle

Krav om godtgjersle etter § 10.1 må setjast fram for styret innen 2 - to - månader etter at arbeidet er ferdig.

3. Varsel

Styret har plikt til å varsle aktuelle grunneigarar i rimeleg tid før vegarbeid nemnt ovafor blir sett i gang.

4. Grus

All grus som blir teke utafør veglina - etter avtale med grunneigar - skal betalast etter vanlege satsar for slik masse i distriktet.

§ 11. VEGAVGIFT (BOM-, SESONG- OG TILKNYTNINGSavgift)

1.1 Bom - og sesongavgift

Avgifta gjeld for barmarksesongen.

1.2 Brøyteavgift

Brøyteavgifta gjeld for brøytesesongen.

2. Tilknyningsavgift

Tilknyningsavgifta er ei eingongsavgift og gir ingen part i vegen. Medeigarar som sel/fester bort nye tomter, skal betale inn avgifta, jf. § 4. Avgifta vert sett til 7500 kr og skal regulerast med konsumprisindeksen. Første gong i januar 2019.

3. Særskilt avgift

Nødvendig transport som må skje i periodar då styret har avgrensa bruken av vegen - jf. § 8, pkt. 2, kan avtalast mot særskilt avgift og på særlege vilkår. Det kan også avtalast særskilt avgift for bruk av vegen i andre samanhengar.

§ 12. BRUK AV VEGEN

Transport må ikkje skje når det kan vere fare for skade på vegbane, stikkrenner eller grøfter. Det er forbode å legge tømmer eller anna trevirke inn i vegbanen, i veggrofter, på møte- eller snuplassar. Kvist og anna hogstavfall må straks fjernast frå slike stader. Det må visast spesiell forsiktighet ved nedbaring av bekkar utanfor vegområdet. Skade på vegbane og stikkrenner som skyldast transport, skogsdrift o.a. skal utbetrast straks. Om utbetring ikkje skjer, vil § 13 bli gjort gjeldande.

Statkraft kan køyre sjølv om vegen er stengt. Blir vegen påført skader må dei rette opp desse så snart det er mogleg.

§ 13. ANSVAR FOR SKADER

Alle som bruker vegen og som ikkje held seg til vedtektene eller retter seg etter pålegg frå styret, er sjølv ansvarleg for skader dei påfører vegen. Om skader ikkje blir utbetra tilfredsstillande, kan styret få utført utbetringa for medeigars/brukars rekning.

§ 14. OVER - OG UNDERSKOTT

Underskott må dekkast av medeigarane og delast i samsvar med partsforholdet i laget, jf. § 3. Evt. overskott skal gå til drift av laget.

§ 15. INVESTERINGAR/VEDLIKEHALD

Anleggskostnader, vedlikehaldskostnader og kostnader med andre vedtekne investeringar, skal delast på medeigarane i forhold til parten i vegen og krevjast inn forskottsvis.

Vedtak om deling må ikkje påføre nokon medeigar større kostnader og ulemper enn nytte. Laget har ikkje høve til å ta opp lån.

§ 16. UTMELDING

Det er ikkje lov til å melde seg ut av laget. Dei som er opptekne som medlemmer i medhald av § 3 siste avsnitt, kan likevel melde seg ut. Dei har i tilfelle ikkje krav på å få tilbake betaling for part eller del av veglagets formue.

§ 17. ENDRINGAR

For å endre desse bruksordningsreglane krevst 2/3 fleirtal av dei frammøtte, rekna etter part, jf. § 3. Ved andre gongs handsaming krevst berre vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) blant dei frammøtte rekna etter part. Vedtektsendring kan ikkje skje før 3 år etter at denne saka er rettskraftig med mindre det blir vedteke samrøystes. Unntak er §§ 2, 16 og 17 som ikkje kan endrast. Ved frådelling og sal av nye hyttetomter skal Statkraft si part i laget reduserast med 1 % for kvar femte nye tomt. Andre endringar av § 3 kan berre gjerast ved vesentleg omlegging eller forlenging av vegen, bygging eller opptak av nye sideveger og andre forhold som i vesentlig grad endrar føresetnadane for kostnadsdelinga. Endringa skal i tilfelle vere i høve til nytteverdien etter omlegginga. Dersom det ikkje blir semje om fordelinga, kan spørsmålet bringast inn for jordskifteretten etter jskl. § 3-37.

Slutning:

1. *Vegane i Botnedalen skal drivast som eit veglag etter vedtektene fastsett i denne saka*
2. *Statkraft Energi AS har 35 % av partane i veglaget. Dei andre brukarane av vegen har dei resterande 65 % som vert delt mellom dei etter fastsett partsdeling, jf. dok. nr. 132.*
3. *Statkraft Energi AS skal ruste opp veg A, B, C og E til vegklasse 3, med unntak for stigning, snuplassar og møteplassar når dei avsluttar anlegget på dammane.*
4. *frist for å anke er ein månad*

ORIENTERING OM ANKE

Overprøving av avgjerdene frå jordskifteretten

Avgjerdene i jordskifteretten kan ankast til lagmannsretten. Nedanfor gir vi ei kort orientering om ankereglane.

Ankefrist

Ankefristen er éin månad og blir rekna frå dagen du får saka forkynt.

Ankefristen avbrytast av rettsferien. Rettsferien er frå og med siste laurdag før palmesøndag til og med andre påskedag, frå og med 1. juli til og med 15. august og frå og med 24. desember til og med 3. januar, jf. domstolloven § 140.

Kva for reglar gjeld, og kva må anken innehalde?

Reglane for anke er ulike avhengig av kva for avgjerd du vil anke.

Dom, orskurd og vedtak

For desse avgjerdene gjeld reglane i tvistelova kapittel 29. I følgje § 29-9 skal anken innehalde

- *ankedomstolen*
- *navn og adresse på parter, stedfortredere og prosessfullmektiger*
- *den avgjørelse som ankes*
- *om anken gjelder hele avgjørelsen eller bare bestemte deler av den*
- *det krav ankesaken gjelder, og en påstand som angir det resultat den ankende part krever*
- *de feil som gjøres gjeldende ved den avgjørelse som ankes*
- *den faktiske og rettslige begrunnelse for at det foreligger feil*
- *de bevis som vil bli ført*
- *grunnlaget for at retten kan behandle anken dersom det kan være tvil om dette*
- *den ankende parts syn på den videre behandling av anken*

Som hovudregel kan lagmannsretten ikkje behandle anke over dom som gjeld verdiar mindre enn kr 125 000 (jf. tvistelova § 29-13). Om det kan vere tvil, bør du forklare kvifor ankegjensstanden er verdt meir, eventuelt kvifor lagmannsretten likevel bør behandle anken.

Jordskifteavgjerd og nokre skjønn

Om du vil anke ei jordskifteavgjerd, gjeld reglane i jordskiftelova kapittel 8. Desse reglane gjeld og om jordskifteretten har halde skjønn som del av ei jordskiftesak i medhald av jordskiftelova §§ 5-1 til 5-3. I følgje jordskiftelova § 8-5 skal anken i slike saker innehalde

- *namnet på ankedomstolen*
- *saksnummer og kva avgjerd anken gjeld*
- *om anken gjeld heile avgjerda eller berre visse delar av henne*
- *ankegrunnane, der det skal stå kvifor ein ankar og kva ein vil med anken*

Når anken gjeld jordskifteavgjerd, blir som hovudregel alle som var partar i jordskiftesaka med som partar i ankesaka.

Skjønn eller andre avgjerder som jordskifteretten har behandla som eiga sak

Om du vil at lagmannsretten skal overprøve skjønn eller andre avgjerder som jordskifteretten har behandla som eiga sak (jf. jordskiftelova §§ 5-4 til 5-6), kan du krevje overskjønn. Då er det skjønnsprosesslova som gjeld. I følgje § 33 må eit krav om overskjønn innehalde

- *den rett overskjønnet hører under, partene i overskjønssaken og i tilfelle deres lovlige stedfortredere*
- *det underskjønn som kreves overprøvd*
- *om det er hele underskjønnets avgjørelse eller bare deler av den som kreves overprøvd*
- *de feil ved avgjørelsen som begjæringen om overskjønn grunnes på*
- *de omstendigheter som er avgjørende for retten til å kreve overskjønn*

Rettsforlik

Rettsforlik er ikkje ei avgjerd teken av jordskifteretten og kan heller ikkje ankast. Om du meiner eit rettsforlik må gjerast om, må du gå til søksmål for tingretten for å få forliket oppheva (jf. tvistelova § 19-12).

Kostnader

For anke til lagmannsretten må du betale eit gebyr på 24 gonger rettsgebyret. For tida er rettsgebyret kr 1049, slik at gebyret blir kr 25176 (jf. rettsgebyrlova § 8). Tek behandlinga i lagmannsretten meir enn ein dag, er gebyret for dei neste fire dagane tre gonger rettsgebyret. Deretter er gebyret 4 gonger rettsgebyret per dag. I tillegg til gebyret kjem utgifter lagmannsretten har til mellom anna meddommarar.

For overskjønn er gebyret fem gonger rettsgebyret for kvar dag eller del av dag som skjønnet varer (jf. rettsgebyrlova § 11). I tillegg kjem utgifter til mellom anna skjønnsmedlemer.

Om anken eller kravet om overskjønn vert trekt før det første rettsmøtet, er det reglar for reduksjon av gebyra.

Lagmannsretten kan krevje forskot på kostnadene.

Kvar anken skal sendast

Anken stilar du til lagmannsretten, men ho skal sendast til jordskifteretten.

Meir informasjon

Om du har spørsmål om ankereglane eller anna, vil dei tilsette ved jordskifteretten kunne svare deg.

Sjølvprosederande partar kan gje inn anke munnleg ved å møte personleg i jordskifteretten. Retten kan tillate at også prosessfullmektigar som ikkje er advokatar gjev inn munnleg anke

Øvre Telemark jordskifterett

Parter:

Statkraft Energi AS, Tokke kraftverk, Storvegen 1, 3880 DALEN

Marita Agnete Reindal Frogner, Gamle Riksvei 136, 3057 SOLBERGELVA

Gyrid Beate Reindal Lippert, Storgata 103, 3060 SVELVIK

Eier av gnr. 85/2, 86/3, Ove Geir Nevestveit, Surgravvegen 35, 3890 VINJE

Eier av gnr. 86/2, Åsmund Høydal, Mo-Byrtevegen 1458, 3880 DALEN

Eier av gnr. 86/2, Anne Lia, c/o Ingrid Lia, Hørtevegen 144, 3810 GVARV

Eier av gnr. 86/2, Ånund Drotning Nevestveit, Raulandsvegen 122, 3890 VINJE

Eier av gnr. 86/2, Mariann Romtveit, Mo-Byrtevegen 681, 3880 DALEN

Eier av gnr. 88/1, Robert Ljostad Vistad, Mo-Byrtevegen 792, 3880 DALEN

Eier av gnr. 88/3, Halvard Ljostad, Mo-Byrtevegen 784 A, 3880 DALEN

Eier av gnr. 89/1, Ingrid Grøstad Johnson, Mo-Byrtevegen 760, 3880 DALEN

Eier av gnr. 89/1, Gunnar Grøstad Johnson, Mo-Byrtevegen 760, 3880 DALEN

Eier av gnr. 89/10, Tarjei Tjønn, Dalsvegen 369, 3890 VINJE

Eier av gnr. 89/12, Audun Hauglid, Kviteseidvegen 277, 3850 KVITSEID

Eier av gnr. 89/16, Knut Olav Tiller, Engene 16, 3320 VESTFOSSEN

Eier av gnr. 99/3, Olav Mostøyl, Modalen 95, 3880 DALEN

Eier av gnr. 102/4, Såvi Midjås, Midjåsvegen 341, 3880 DALEN

Eier av gnr. 102/6, Birte Midjås, Hakkespetten 9, 1407 VINTERBRO

Eier av gnr. 104/2, 104/3, E. C. Martens'bo, v/Advokatene Skien DA, Ranveig Sem, Cappelens gate 6A, 3717 SKIEN

Eier av gnr. 104/4, 104/10, Jostein Dalen, Midjåsvegen 298, 3880 DALEN

Eier av gnr. 104/5, Oddvar Seltveit, Modalen 811, 3880 DALEN

Eier av gnr. 104/6, Torhild Johanne Rykkelid Vist, Bugården Syd 27, 3133 DUKEN

Eier av gnr. 104/7, Wenche Seltveit, Grivibakken 11 B, 3802 BØ I TELEMARK

Eier av gnr. 104/7, Arne Olav Kåsene, Grivibakken 11 B, 3802 BØ I TELEMARK

Eier av gnr. 104/9, Kurt Ole Vasvik, Haugesagvegen 30, 3802 BØ I TELEMARK

Eier av gnr. 105/1, 105/2, Knut Rønningen, Frolandsvegen 612 A, 3880 DALEN

Eier av gnr. 105/3, Ingunn Berg Bøydler, Moengata 28, 3825 LUNDE

Eier av gnr. 105/3, Vigdis Berg Nordgarden, Kamperhauggata 1, 3715 SKIEN

Eier av gnr. 105/5, Tore Kvaalen, Hovseterveien 84, 0768 OSLO

Eier av gnr. 105/7, Ingunn Slettetveit, ved Tallak Svendsen, Modalen 828, 3880 DALEN

Eier av gnr. 105/8, Knut Draugedal, Rjukanvegen 207, 3864 RAULAND

Eier av gnr. 105/9, Olaug Dølo Anfinhaug, ved Ole Christian Gaski, Ragnhilds vei 3, 3151 TOLVSRØD

Eier av gnr. 105/9, Jørgen Torjus Gaski, Tinnstien 3, 3124 TØNSBERG

Eier av gnr. 105/9, Ruben William Gaski, Gongstø 4, 4163 TALGJE

Eier av gnr. 105/9, Rigmor Elisabeth Gaski Brevik, Gyda Dahlsvei 18, 9800 VADSØ

Eier av gnr. 105/9, Morten Dølo-gaski, Globusveien 10, 3113 TØNSBERG

Eier av gnr. 105/9, Ole Christian Gaski, Ragnhilds Vei 3, 3151 TOLVSRØD

Eier av gnr. 105/10, 105/11, 107/1, 110/3, Birgit B. Lidtveit, Setesdalsvegen 4262, 4755 HOVDEN I SETESDAL

Eier av gnr. 105/10, 105/11, 108/11, 110/1:1, 110/3, Aanund Fellands dødsbo, c/o Adv. Olav Felland, Hotellvegen 5, 3880 DALEN

Eier av gnr. 105/10, 105/11, 110/3, Martin Nordjore
Eier av gnr. 105/13, Aase Oterholt, Åshammeren 73, 3721 SKIEN
Eier av gnr. 105/14, Lars Høydal, Haugetuft 56, 3890 VINJE
Eier av gnr. 105/14, Liv Grethe Høydal, Haugetuft 56, 3890 VINJE
Eier av gnr. 105/16, Olav Øverland, Hakesflotvegen 17, 3880 DALEN
Eier av gnr. 105/18, Tora Ødegaarden, Konvallvegen 18, 3684 NOTODDEN
Eier av gnr. 105/19, Einar Slettetveit, Dalsvegen 231, 3890 VINJE
Eier av gnr. 105/20, Tore Oterholt, Vinjevegen 1602, 3890 VINJE
Eier av gnr. 105/25, Kari M. Wensaas Reiersen, Alvernkroken 5, 1453 BJØRNEMYR
Eier av gnr. 105/26, Hilde Synnøve Kise, Tyrisingen 33, 3744 SKIEN
Eier av gnr. 105/27, Tor Halvdan Slettetveit, Valaskjoldgata 8 A, 1725 SARPSBORG
Eier av gnr. 105/28, Eli Ragnhild Haraldsen, Klevaveien 4 A, 1719 GREÅKER
Eier av gnr. 105/30, Lars Anders Hus, Hauane 5, 3737 SKIEN
Eier av gnr. 105/31, Klara Astrid Rønniksen, Kristian Brenners Vei 56 C, 3026 DRAMMEN
Eier av gnr. 105/32, Eivind Eidissen, Krabberødveien 24, 3960 STATHELLE
Eier av gnr. 105/32, Lars Andre Eidissen, Sauheradvegen 1552, 3683 NOTODDEN
Eier av gnr. 105/39, Arild Husaas Bentsen, Dalanvegen 206, 3850 KVITeseid
Eier av gnr. 105/39, Ellen Bentsen, Dalanvegen 206, 3850 KVITeseid
Eier av gnr. 105/44, Tarjei Andreas Draugedal, Dalanvegen 55 A, 3850 KVITeseid
Eier av gnr. 105/50, Torgeir Nilsen, Rønholtveien 133, 3960 STATHELLE
Eier av gnr. 105/52, Bernt Arvid Stene Nordal, Skarestrand 28, 4812 KONGSHAVN
Eier av gnr. 105/53, Byggmesterfirma Bjaaland og Sa, Nedre Søliveg 42, 3914 PORSGRUNN
Eier av gnr. 106/2, Anne Gyrid Reindal, Fiolveien 1, 3060 SVELVIK
Eier av gnr. 106/2, Rune Eriksen Reindal, Fiolveien 1, 3060 SVELVIK
Eier av gnr. 106/4, 108/2, 108/3, 108/5, Fred Einar Rosland, Århusvegen 57 A, 3723 SKIEN
Eier av gnr. 106/4, 108/2, 108/3, 108/5, 108/11, Svein Arne Rosland, Høyanfjellet 7, 3728 SKIEN
Eier av gnr. 106/4, 108/2, 108/3, 108/5, Jan Tore Rosland, Viggo Ullmannsgate 16, 3714 SKIEN
Eier av gnr. 107/2, Harald Olav Kostveit, Gamlegrensa 4B, 3747 SKIEN
Eier av gnr. 107/8, Runar Stamland, Tømmerlensa 10, 3726 SKIEN
Eier av gnr. 107/8, Ragnar Olsen, Stubbesletta 3, 3746 SKIEN
Eier av gnr. 108/2, 108/3, 108/5, Jørn Bakken, Sildråpevegen 15 A, 7048 TRONDHEIM
Eier av gnr. 108/2, 108/3, 108/5, Einar Bakken, Engelykkja 6, 2910 AURDAL
Eier av gnr. 108/3, 108/5, 108/7, Silje Strømsli, Slåttebakkane 4, 6814 FØRDE
Eier av gnr. 108/3, 108/5, 108/7, Jan Erik Hilding, Slåttebakkane 4, 6814 FØRDE
Fester av gnr. 108/5:1, Ragnhild Wenås, Regimentvegen 15, 3734 SKIEN
Fester av gnr. 108/5:1, Lyder Einar Wenås, Regimentvegen 15, 3734 SKIEN
Eier av gnr. 108/5:1, 108/5:2, 108/5:4, 108/5:901, Jørgen Bakken, 00";
Fester av gnr. 108/5:2, Dag Wilhelm Holmer, Stathelleveien 252, 3960 STATHELLE
Fester av gnr. 108/5:4, Anders Wulfsberg, Grindbakken 70, 0764 OSLO
Aktuell fester av gnr. 108/5:901, Kåre Sigmund Langedal's bo, v/Marianne Langedal, Kristoffer Updalsvei 8, 7071 Trondheim
Eier av gnr. 108/12, Tordis Helene Strømsli, Slåttebakkane 4, 6814 FØRDE
Eier av gnr. 109/1, Dordi Elise Flom, Reindalsvegen 16, 3880 DALEN
Eier av gnr. 109/2, Talleif Kvaalen
Eier av gnr. 110/1, 110/1:1, 110/2, Torgeir Jørgen Haugen, Heissbageveien 36, 2015 LEIRSUND
Eier av gnr. 110/1:1, Asbjørg S. Baldersheim, Devoll, 6300 ÅNDALSNES
Eier av gnr. 110/1:1, Gunvor Felland, 4930-5th Ave Delta, B.C. V4MIJ6, Canada

Eier av gnr. 110/1:1, Sigrid Felland, 239 Balmoral Place Port Moody, B.C. V3H4B9, Canada
Eier av gnr. 110/1:1, Geirmund Skaalen's bo, v/Signe Skaalen, Storvegen 343, 3880 DALEN
Eier av gnr. 110/6, Geir Frode Henseid, Austadveien 543, 3748 SILJAN
Eier av gnr. 112/1, 119/1, Magne Underdal, Modalen 498, 3880 DALEN
Eier av gnr. 112/5, 112/6, Berit Irene Underdal, Raunveien 5, 4371 EGRERSUND
Eier av gnr. 112/7, 112/9, Olav Bjørgull Underdal, Sellerupvei 20 4681 Herfølge, Danmark
Eier av gnr. 113/2, 113/3, 113/5, 113/6, Gunnar Blomhaug, Frolandsvegen 147, 3880 DALEN
Eier av gnr. 113/8, Bjørnar Vågslid, Gullkopp 11, 3880 DALEN
Eier av gnr. 113/10, Jostein Seltveit Skolås, Kyrkjevegen 68, 3890 VINJE
Eier av gnr. 113/10, Morten Seltveit Skolås, Kyrkjevegen 68, 3890 VINJE
Eier av gnr. 114/7, Ingrid O. Langås, ved Ole Kr. Langås, Sverresgt. 11, 3211 SANDEFJORD
Eier av gnr. 114/7, Kjell O. Skavdal, Rekkevik brygge 14, 3260 LARVIK
Eier av gnr. 114/10, Odd Utistog, Mo-Byrtevegen 1953, 3880 DALEN
Eier av gnr. 114/13, Per Tore Skaalen, Gullkopp 23, 3880 DALEN
Eier av gnr. 114/18, Einar Hovden, Midjåsvegen 144, 3880 DALEN
Eier av gnr. 114/19, 117/9, Kjersti Felland, Gransherad 77, 3880 DALEN
Eier av gnr. 114/28, Wenche Aurdal, Stubbesletta 50, 3746 SKIEN
Eier av gnr. 114/30, Otto Kertelhein, Hauptstrasse 35 22929 Rausdorf, Tyskland
Eier av gnr. 114/31, Bjørn Thore Kvålseth, Ordalsvegen 500 D, 3850 KVITeseid
Eier av gnr. 115/1, Knut Lofthus, Modalen 480, 3880 DALEN
Eier av gnr. 115/5, Vidar Lofthus, Holun 8, 3840 SELJORD
Eier av gnr. 115/6, Bjørn Kjetil Getz Wold, Gaustadveien 65, 0372 OSLO
Eier av gnr. 115/7, Tor Olav Rykkelid, Modalen 875 A, 3880 DALEN
Eier av gnr. 115/8, Une Brita Skoe, Bestemorstien 1, 1177 OSLO
Eier av gnr. 115/8, Anne Gyrid Skoe, Bernt Knudsensvei 18, 1176 OSLO
Eier av gnr. 115/9, Wenche Seltveit Skolås, Kyrkjevegen 68, 3890 VINJE
Eier av gnr. 115/9, Lars Tore Seltveit, Kyrkjevegen 68, 3890 VINJE
Eier av gnr. 115/10, Inge Vetle Mostøyl, Storvegen 216, 3880 DALEN
Eier av gnr. 115/11, Torbjørn Skogheim, Mo-byrtevegen 1492C, 3880 DALEN
Eier av gnr. 115/12, Rune Røraas Hansen, Bergsbygdavegen 462, 3949 PORSGRUNN
Eier av gnr. 116/3, Dag T. Nordskog, Vistadmoen 11, 3880 DALEN
Eier av gnr. 116/5, 117/5, Ove Kjell Huvestad, Talleiv Huvestadsveg 119 B, 3880 DALEN
Eier av gnr. 116/8, Helge Bøe, Hegnavegen 26, 3748 SILJAN
Eier av gnr. 116/12, Eva Ljostad Vistad, Dalsvegen 1133, 3890 VINJE
Eier av gnr. 116/13, Ingebjørg Synnøve Askim, Lyngvegen 100, 3930 PORSGRUNN
Eier av gnr. 116/14, Tore Audun Haugo, Treungvegen 81 D, 3880 DALEN
Eier av gnr. 116/14, Anne Haugo, Treungvegen 81 D, 3880 DALEN
Eier av gnr. 116/15, Unni Larssen, Borgemarka 21, 3711 SKIEN
Eier av gnr. 116/17, Janne Sogn, Myllevgegen 11, 3880 DALEN
Eier av gnr. 116/18, Jan Wegard Lie, Borsævegen 78A, 3880 DALEN
Eier av gnr. 116/19, Anne Helen Jupskås, Kvålsgrend 211, 3891 HØYDALSMO
Eier av gnr. 117/1, Eldar Vistad, Holmenkollvn. 76 D, 0784 OSLO
Eier av gnr. 117/6, Margit R. Felland Krogh, Frolandsvegen 126, 3880 DALEN
Eier av gnr. 117/8, Else Lofthus, Brynesteinvegen 39, 3891 HØYDALSMO
Eier av gnr. 117/16, Nils Bjørn Vistad, Palerudbyen 72, 3516 HØNEFOSS
Eier av gnr. 117/17, Per Knut Vistad, Songsveien 34, 0851 OSLO
Eier av gnr. 117/18, Gunnar Reindal Øverland, Reindalsvegen 148, 3880 DALEN

Eier av gnr. 118/1, Anne Aalandslid Slettetveit, Modalen 814, 3880 DALEN
Eier av gnr. 118/2, 118/2:901, Aud Thoresen Røed, Linddalsveien 47, 4950 RISØR
Aktuell fester av gnr. 118/2:901, John Gunnar Thoresen, Fiskestigen 28, 3890 VINJE
Eier av gnr. 118/3, Bjørn Haugen, Heronias 4 13231 Petropouly, Hellas
Eier av gnr. 118/4, Arne Røimål, Sveene 11, 3731 SKIEN
Eier av gnr. 118/5, Gunnar Juvet, Tollbugata 13, 0152 OSLO
Eier av gnr. 118/5, Ingeborg Juvet, Århusvingen 15, 3723 SKIEN
Eier av gnr. 118/6, Olav T. Aase, v/Theodor Aase, Dalsvegen 1125, 3890 VINJE
Eier av gnr. 118/7, Ingeborg Hauglid, Ordalsvegen 467, 3850 KVITeseID
Eier av gnr. 118/8, Arne Nordbø, Treungvegen 61, 3880 DALEN
Eier av gnr. 118/9, Per Ivar Magnushommen, Dalanvegen 1403, 3850 KVITeseID
Eier av gnr. 118/9, Margit Magnushommen Råmunddal, Dalanvegen 1403, 3850 KVITeseID
Eier av gnr. 118/10, Olav Godtland, Gullkopp 33, 3880 DALEN
Eier av gnr. 118/11, Kjell Nordbø, Treungvegen 101 B, 3880 DALEN
Eier av gnr. 118/11, Ingrid Ringhus Nordbø, Treungvegen 101 B, 3880 DALEN
Eier av gnr. 118/12, 118/14, Frank Jakobsen, Glomfossvegen 285, 3870 FYRES DAL
Eier av gnr. 118/13, Åse Ann Kristin Wiik Slåtta, Skogen 13, 3890 VINJE
Eier av gnr. 118/15, Olav Moen, Gullnesvegen 50, 3840 SELJORD

Prosessfullmektig:

Advokat Bjørn Trygve Nilsen, Postboks 104, 3251 LARVIK
Representerer Statkraft Energi AS Tokke kraftverk

Partsdeling i veglaget Botnedalen.**Statkraft Energi AS – 35%****Resterande 65% blir delt slik mellom medeigarane i veglaget:**

Eigedom	Eigar			Part
117/16	Nils Bjørn Vistad	Palerudbyen 72	3516 HØNEFOSS	2
117/17	Per Knut Vistad	Songsveien34	0851 OSLO	2
107/8	Ragnar Olsen	Stubbesletta3	3746 SKIEN	1
105/25	Odd-Arne Reiersen	Alvernkroken 5	1453 BJØRNEMYR	3
118/12	Frank Jakobsen	Glomfossvegen 285	3870 FYRESDAL	3
86/2	Åsmund Høydal	Mo-Byrtevegen 1458	3880 DALEN	6
	Anne Lia c/o Ingrid Lia	Hørtevegen 144	3810 GVARV	
	Ånund Drotning Nevestveit		3890 VINJE	
	Mariann Romtveit	Mo-Byrtevegen 681	3880 DALEN	
85/2	Ove Geir Nevestveit	Surgravvegen35	3890 VINJE	
89/1	Ingrid Grøstad Johnson Gunnar Grøstad Johnson	Mo-Byrtevegen 760	3880 DALEN	4
89/10	Tarjei Tjønn	Dalsvegen369	3890 VINJE	3
89/12	Audun Hauglid	Kviteseidvegen 277	3850 KVITeseID	3
89/16	Knut Olav Tiller	Engene 16	3320 VESTFOSSEN	3
99/3	Olav Mostøyl	Modalen 95	3880 DALEN	3
102/4	Såvi Midjås	Midjåsvegen341	3880 DALEN	3
102/6	Birte Midjås	Hakkespetten 9	1407 VINTERBRO	2
104/2 104/3	E. C. Martens bo v/Advokatene Skien DA, Ranveig Sem	Cappelens gate 6A	3717 SKIEN	4
104/4 104/10	Jostein Dalen	Midjåsvegen 298	3880 DALEN	3
104/5	Oddvar Seltveit	Modalen 811	3880 DALEN	3
104/6	Torhild Johanne Rykkelid Vist	Bugården Syd 27	3133 DUKEN	2
104/7	Wenche Seltveit Arne Olav Kåsene	Grivibakken 11 B	3802 BØ I TELEMARK	2
104/9	Kurt Ole Vasvik	Haugesagvegen30	3802 BØ I TELEMARK	2
105/1 105/2	Knut Rønningen	Frolandsvegen 612 A	3880 DALEN	4
105/3	Ingunn Berg Bøydler	Moengata 28	3825 LUNDE	3
105/3	Vigdis Berg Nordgarden	Kamperhauggata 1	3715 SKIEN	
105/5	Tore Kvaalen	Hovseterveien 84	0768 OSLO	3
105/7	Ingunn Slettetveit v/ Tallak Svendsen	3880 DALEN		4
105/8	Knut Draugedal	Rjukanvegen 207	3864 RAULAND	3

105/9	Olaug Dølo Anfinhaug v/Ole Christian Gaski	Ragnhilds vei3	3151 TOLVSRØD	4
	Jørgen Torjus Gaski	Tinnstien3	3124 TØNSBERG	
	Ruben William Gaski	Gongstø 4	4163 TALGJE	
	Rigmor Elisabeth Gaski Brevik	Gyda Dahlsvei 18	9800 VADSØ	
	Morten Dølo-Gaski	Globusveien 10	3113 TØNSBERG	
	Ole Christian Gaski	Ragnhilds Vei3	3151 TOLVSRØD	
107/1	Birgit B. Lidtveit	Setesdalsvegen 4262	4755 HOVDEN I SETESDAL	2
105/10 105/11 110/3	Aanund Fellands dødsbo	c/o Adv. Olav Felland	3880 DALEN	3
	Martin Nordjore, død			
	Birgit B. Lidtveit	Setesdalsvegen 4262	4755 HOVDEN I SETESDAL	
105/13	Aase Oterholt	Åshammeren 73	3721 SKIEN	3
105/14	Lars Høydal Liv Grethe Høydal	Vesåsvegen 44	3890 VINJE	3
105/16	Olav Øverland	Hakesflotvegen 17	3880 DALEN	3
105/18	Tora Ødegaarden	Konvallvegen 18	3684 NOTODDEN	3
105/19	Einar Slettetveit	Dalsvegen 231	3890 VINJE	3
105/20	Tore Oterholt	Vinjevegen 1602	3890 VINJE	3
105/26	Hilde Synnøve Kise	Tyrisvingen33	3744 SKIEN	3
105/27	Tor Halvdan Slettetveit	Valaskjoldgata 8 A	1725 SARPSBORG	3
105/28	Eli Ragnhild Haraldsen	Klevaveien 4 A	1719 GREÅKER	3
105/30	Lars Anders Hus	Fluesnappern 18 D	3743 SKIEN	3
105/31	Klara Astrid Rønniksen	Kristian Brenners Vei 56 C	3026 DRAMMEN	3
105/32	Eivind Eidissen	Krabberødveien 24	3960 STATHELLE	2
	Lars Andre Eidissen	Sauheradvegen 1552	3683 NOTODDEN	
105/39	Arild Husaas Bentsen Ellen Bentsen	Dalanvegen 206	3850 KVITSEID	2
105/44	Tarjei Andreas Draugedal	Dalanvegen 55 A	3850 KVITSEID	2
105/50	Torgeir Nilsen	Rønholtveien 133	3960 STATHELLE	2
105/52	Bernt A. Stene Nordal	Skarestrand 28	4812 KONGSHAVN	2
105/53	Byggmesterfirma Bjaaland og Sa	Nedre Søliveg 42	3914 PORSGRUNN	2
106/2	Anne Gyrid Reindal Rune Eriksen Reindal	Fiolveien 1	3060 SVELVIK	2
Umatrik. under 106/2	Marita Agnete Reindal Frogner	Gamle Riksvei 136	3057 SOLBERGELVA	1
Umatrik. under	Gyrid Beate Reindal Lippert	Storgata 103	3060 SVELVIK	1

106/2				
108/3 108/5	Fred Einar Rosland Jan Tore Rosland Svein Arne Rosland Jørn Bakken Einar Bakken Silje Strømsli Jan Erik Hilding	Århusvegen 57 A Viggo Ullmannsgt 16 Høyanfjellet 7 Sildråpevegen 15 A Engelykkja 6 Slåttebakkane 4 Slåttebakkane	3723 SKIEN 3714 SKIEN 3728 SKIEN 7048 TRONDHEIM 2910 AURDAL 6814 FØRDE 6814 FØRDE	2
108/11	Svein Arne Rosland	Høyanfjellet 7	3728 SKIEN	1
107/2	Harald Olav Kostveit	Gamlegrensa 4B	3747 SKIEN	2
107/8	Runar Stamland	Tømmerlensa 10	3726 SKIEN	1
